

Årsrapport 2017

Stavanger biskop og bispedømmeråd



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømme

Innhald

| | |
|---|----|
| I. Vurdering frå leiaren..... | 3 |
| II. Introduksjon til bispedømmet og hovudtal frå verksemda | 6 |
| Om Stavanger bispedømmeråd og Stavanger biskop: Organisering og formål..... | 6 |
| Organisasjonen | 6 |
| Nøkkeltal frå bispedømmet..... | 7 |
| Prosti..... | 7 |
| III. Årets aktivitetar og resultat | 8 |
| Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet sine fokusområde | 8 |
| A. Samla oversikt over resultat, måloppnåing og ressursbruk | 8 |
| B. Resultatmål og nøkkelindikatorar | 9 |
| Gudstenestelivet blomstrar..... | 9 |
| Fleire søker dåp og trusopplæring | 19 |
| Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet | 32 |
| Fleire får lyst til å jobba i kyrkja..... | 39 |
| C: Område Kyrkjerådet ønsker særleg rapportering på | 44 |
| D: Biskopen si verksemd..... | 47 |
| IV. Styring og kontroll i verksemda | 49 |
| A: Helse, miljø og tryggleik..... | 49 |
| Sjukefråvær og vurderingar av dette..... | 49 |
| Arbeidsmiljøundersøkinga og vurderingar av denne..... | 49 |
| B: Likestilling..... | 51 |
| Likestilling | 51 |
| C. Vurdering av risikoen for misleghald..... | 53 |
| Vurdering av risikoen for misleghald (Ibuande risiko) | 53 |
| Risikobiletet..... | 53 |
| V. Vurdering av framtidsutsikter..... | 54 |
| VI. Årsrekneskap | 56 |
| Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2017 | 56 |
| Vedlegg..... | 59 |

I. Vurdering frå leiaren

2017 var det fyrste året Den norske kyrkja var organisert som eit sjølvstendig rettssubjekt.

19. mars blei Ivar Braut vigsla til biskop bispedømmet og teke imot med glede.

I 2017 markerte me reformasjonsjubileet med gudstenester og eit mangfald av lokale arrangement.

For fyrste gong kunne par med same kjønn lova truskap og kjærleik i kyrkja, bli vigde og få kyrkjeleg velsigning.

Desse historiske hendingane prega året som var. Samtidig var 2017 også eit år der frivillige brukte tida si til å førebu gudsteneste, sundagsskule eller tårnagenthelg. Dei laga og delte ut kyrkjelydsblad, delte ut blommar til jubilarar, leia sorggrupper, sat i sokneråd og gudstenesteutval og møtte flyktingar på språkkafé. Tilsette ringte for å invitere foreldre til å sitte brannvakt på Lys Vaken, planla samlingar for konfirmantar, lytta til menneske, øvde med prosjektkor og brukte av seg sjølv og bibelforteljingar i formidling til mange ulike grupper.

Framleis er me ei kyrkje som vil mykje, når mykje og har stort engasjement for verksemda vår, anten me gjer det som arbeidsoppgåver eller som frivillige medarbeidarar. Me vil tilby tru og fellesskap, invitere menneske til det heilage rommet med sine liv, styrka lokalsamfunn, utøva nestekjærleik, formidla nåde og sjå meir himmel på jorda. Noko av dette viser seg i statistikk, andre verdiar, kanskje særleg kva desse møta betyr for kvar einskild, kan ikkje målast. I tillegg til å arrangere har kyrkja også ein eigen stemme, som peikar mot dimensjonar av tilværet som i kyrkja blir synleg på ein heilt eigen måte.

Dei heilage møta mellom Gud og menneske lever først og fremst mellom linjene i denne rapporten, men i kyrkjekvardagen er dei sjølve teksten.

Hovudlinjer i utviklinga

Mykje er stabilt i kyrkja. Framleis har me høg oppslutning om kyrkjeleg gravferd. Sjølv om alternative tilbod er meir synlege og vinn rom andre stader, så skjer ni av ti gravferder nå som dei siste åra i regi av Den norske kyrkja. Prestane fortel og om mange gjevande og viktige møte med menneske i samband med dette.

Gjennom satsing på dåp ser det ut som trenden med færre dåp har snudd. Kyrkjelydar som inviterer aktivt og legg godt til rette for dåp får gode resultat. Me er spente på utviklinga vidare, men ser at er mogleg å påverka resultat.

Trusopplæringa er blitt eit etablert prosjekt i alle kyrkjelydar. Tilbodet i bispedømmet ligg over den nasjonale norma. Oppslutninga er ganske stabil, men med ein oppgang for tårnagentar. Både forskning og erfaring viser at trusopplæringa har vore ein vellukka og strategisk folkekyrkjereform. Trusopplæringa har gitt kyrkjelydane i bispedømmet breiare kontakt med barn og unge og familiane deira. Dette har også vore særleg viktig i gudstenestelivet.

Konkrete utfordringar

Det er i gudstenestestatistikken me ser dei største, nye utfordringane i år. Deltakinga på gudstenester går ned. Me trur dette både er ein del av ein generell trend og heng saman med at ein del kyrkjemedlemmar har meldt seg ut etter vedtaket om å opna for vigsel av likekjønna par. Rundt 2000 menneske melde seg ut i fjor. Prostane melder at dette for andre har verka inn på gudstenestedeltaking og frivillig engasjement. Det er stader der Indremisjonsforbundet, Normisjon og særleg Misjonssambandet står sterkt at dette har vore tydelegast.

For prestane er dette ei krevjande sak, uansett kva haldning dei har. Prostane har fylgt desse prosessane tett og vore med på å skapa gode samtalar. Biskopen fylgjer opp i møte og på visitas.

I haust hadde me besøk frå vennskapsbispedømmet vårt i Carlisle. Der går dei motsett veg, og samarbeider på tvers av grenser mellom kyrkjesamfunn. Ulike kyrkjelydar samlar seg i same bygg og gudsteneste, med fokus på misjonalt nærvær lokalt i staden for skilnader mellom tradisjonane. Skilnader blir anerkjende, men fokus retta utover. Me hentar både inspirasjon og gode idear frå dette samarbeidet.

Ulike språk og strategiar

Me gler oss over gode tal for kyrkjeleg kulturverksemd. Dette er eit område i vekst. Saman med trusopplæring og andre tilbod i «kvardagskyrkja» viser det at me som kyrkje har fleire bein å stå på. Kyrkja har fleire språk, som kommuniserer med ulike grupper. Det ligg fleire viktige strategiske val framfor oss. Nokre av dei heng saman med i kva høve folk gjerne brukar kyrkja, og kva område det er vanskeleg å rekruttera til.

I Stavanger arbeider kyrkjelydane saman om dette. Prosjektet «Kirken i Stavanger mot 2020» er avslutta, men både bispedømmeråd, fellesråd og sokneråd står saman om å føra vidare innsikt, strategiar og mål frå prosjektet, i både organisering og kyrkjelydsutvikling. Bispedømmeråd og fellesråd samarbeider om ei ny stilling som utviklingsleiari. Det er fokus på økt samarbeid mellom sokna, til dømes om konfirmantarbeid, diakoni og ungdomsarbeid. Kyrkja vil også satsa på eldre og på å vera fleirkulturell kyrkje.

Prosjektet blir leia med fokus på å få dei mange ansvarlege på dei ulike områda til å arbeida godt saman.

Kyrkjeleg organisering

I september var biskop, bispedømmeråd, prostar og kyrkjeværjer på ei felles samling med fokus på samarbeidet. Den stadfesta mykje godt samarbeid og ønske om dette vidare. Likevel ser me at samarbeidet mellom ulike kyrkjelege organ blir utfordra, konkret rundt prosessen med høyring om ny lov om trus- og livssynssamfunn. Det er ikkje godt for samarbeidsklima og motivasjon at det over lang tid finn stad store prosessar som gjer at medarbeidarar i ulike ledd blir usikre på framtida.

Frå vår side ønsker me i størst mogleg grad å motverka motsetningar og fremma samarbeid. I 2017 har det kravd initiativ, god rolleforståing og dialog. Det ligg eit potensiale i å understreka at me høyrer saman i same kyrkje og i stor grad har felles engasjement og mål.

Me gler oss over at prestetenesta har fått ryddige rammer i arbeidstidsordninga, men ser at ordninga er utfordrande administrativt og i forhold til prioritering av oppgåver i det daglege. Dette fylgjer me tett.

Kyrkja i lokalsamfunnet

23. april fekk Kopervik ny kyrkje. Kyrkjelyden gler seg over prosessen, det nye bygget og sterk vekst i talet på gudstenestedeltakarar. Det er 73 fleire på gudsteneste i gjennomsnitt i 2017 enn i 2016.

Me har mange erfaringar med at nye, gode kyrkjebygg skapar vekst, til dømes frå Ålgård, som har blitt fornya som kyrkjelyd og opplevd sterk vekst, ikkje minst for barn og unge, sidan dei fekk ny kyrkje i 2015.

I årsrapporten blir det synleg at folk brukar kyrkja på ulike måtar. Ein stor del av medlemmane er medvitne medlemmer av kyrkja og markerer dette aktivt ved å bruka kyrkja ved store livshendingar. Ei stor gruppe kjem til gudsteneste ved særskilte høve, brukar kyrkjeleg vigsel og tek del i trusopplæring. Me gler oss over mange som går jamleg på gudsteneste, engasjerer seg i frivillig teneste og tek på seg ansvar for den lokale kyrkja. At slike menneske finst er svært viktig for kyrkja vidare.

Det er ulike måtar å høyra til Den norske kyrkja på. Men alle er velkomne til dåp, tru og fellesskap, og det følgjande viser at det har vore ein sterk del av kvardagen i bispedømmet, også i 2017.

Stavanger, 28. februar 2018



Marie Klakegg Grastveit
Leiar, Stavanger bispedømmeråd



Anne Lise Ådnøy
Fungerande biskop



II. Introduksjon til bispedømmet og hovudtal frå verksemda

Om Stavanger bispedømmeråd og Stavanger biskop: Organisering og formål

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd er ein del Den norske kyrkja, med Kyrkjemøtet som leiande organ på nasjonalt nivå. Biskop og bispedømmeråd har ansvar for ulike sider ved verksemda til Den norske kyrkja i bispedømmet.

Stavanger bispedømme blei oppretta i 1925 og har same geografiske område som Rogaland fylke. Det er eit av elleve bispedømme i Noreg.

Biskopen og bispedømmerådet sine oppgåver er fastsette i lover, føresegner og anna regelverk med heimel i statleg lovverk. Mynde og ansvarsområde fylgjer m.a. av kyrkjelova, økonomi- og verksemdsinstruks og tildelingsbrev frå Kyrkjerådet.

Stavanger biskop har tilsynsmynde for heile den kyrkjelege verksemda, leier prestetenesta og er arbeidsgjevar for prestane. Prostane er arbeidsgjevarar for prestane i det daglege. Dei er med på å setta i verk mål og strategiar i bispedømmet.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekka og nærja det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal også fremma samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet. Bispedømmerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og spesialprestare. I tillegg er bispedømmerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømmekontoret.

Bispedømmekontoret er organisert i to avdelingar, i avdeling for personal-, økonomi og forvaltning og i avdeling for kyrkjelydsutvikling.

Bispedømmerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokument, strategi og årsplan for Stavanger bispedømme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar. Visjonen for Stavanger bispedømme er «Meir himmel på jorda» og særskilde satsingsområde fylgjer også Kyrkjerådet sitt visjonsdokument. Gjennom dette ønsker me å vera ei tydeleg folkekyrkje.

I Stavanger bispedømme er det 92 sokn med tilhøyrande sokneråd. Fem sokn har forsøk med samanslåtte sokneråd, slik at det i praksis er 90 sokneråd i funksjon. Det er 26 kommunar, med tilhøyrande kyrkjeleg fellesråd. Biskop og bispedømmeråd sine oppgåver skal støtta opp under arbeidet i kyrkjelege fellesråd og sokneråd, og arbeidet skjer i samarbeid med desse. Bispedømmet samarbeider med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

Organisasjonen

Stavanger bispedømmeråd består av ni valde medlemar og biskopen.

Ivar Braut blei vigsla til biskop 19. mars 2017. Domprost Anne Lise Ådnøy er fungerande biskop, mens biskopen for tida er sjukemeld.

Biskop og bispedømmeråd har felles administrasjon på bispedømmekontoret i Stavanger.

Bispedømmekontoret har adresse Lagårdsveien 44, Stavanger.

Både biskop og bispedømmeråd har delegert mynde til stiftsdirektøren, som er dagleg leiar ved Stavanger bispedømmekontor. Stiftsdirektør er Jorunn Kraft Vistnes. Bispedømmekontoret har 16 årsverk fordelt på 17 personar.

Nøkkeltal frå bispedømmet

| Prosti | Tal sokn | Medlemar og tilhøyrande i Den norske kyrkja | | Prosent i kyrkja |
|---------------------|----------|---|------------|------------------|
| | | Tal innbyggjarar | Tal kyrkja | |
| Dalane | 7 | 17 889 | 24251 | 74 % |
| Stavanger Domprosti | 8 | 41 450 | 56882 | 73 % |
| Ytre Stavanger | 8 | 44 966 | 66426 | 68 % |
| Haugaland | 16 | 43 466 | 57794 | 75 % |
| Jæren | 12 | 51 694 | 68283 | 76 % |
| Karmøy | 8 | 33 392 | 42174 | 79 % |
| Ryfylke | 11 | 20 008 | 25174 | 79 % |
| Sandnes | 9 | 50 486 | 75301 | 67 % |
| Tungenes | 12 | 33 573 | 45436 | 74 % |
| Sum | 92 | 336 924 | 461721 | 73 % |

| Volumtal for bispedømmet | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Tal døypte | 3 880 | 3 770 | 3 747 | 3591 | 3320 |
| Tal konfirmerte | 4 185 | 4 230 | 4 011 | 3931 | 3749 |
| Tal kyrkjelege vigslar | 904 | 948 | 863 | 816 | 773 |
| Tal kyrkjelege gravferder | 2 703 | 2 616 | 2 596 | 2724 | 2738 |
| Tal gudstenester totalt | 5 790 | 5 744 | 5 561 | 5642 | 5497 |
| Tal gudstenestedeltakarar | 716 663 | 718 467 | 685 385 | 697 336 | 667 375 |

| Nøkkeltal frå årsrekneskapen* | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---------------------------------------|------------|------------|------------|-------------|-------------|
| Tal årsverk | 109 | 111 | 112 | 107 | 108 |
| - av desse i presteneste | 95 | 97 | 98 | 93 | 94 |
| Samla tildeling post 01 | 83 304 000 | 86 524 000 | 95 092 000 | 100 024 000 | 111 010 000 |
| Utnyttingsgrad post 01 | 99,0 % | 99,6 % | 93,5 % | 93,9 % | 95,2 % |
| Driftsutgifter | 82 505 884 | 86 192 233 | 88 922 578 | 93 965 358 | 105 720 279 |
| Lønsdel av driftsutgifter | 86,3 % | 86,2 % | 87,6 % | 88,5 % | 91 % |
| Del løn brukt i prestenesta | 75,3 % | 75,0 % | 76,8 % | 77,9 % | 79,10 % |
| Løn og godtgjering pr. årsverk | 653 189 | 670 544 | 698 838 | 800 668 | 887 645 |

III. Årets aktivitetar og resultat

Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet sine fokusområde

A. Samla oversikt over resultat, måloppnåing og ressursbruk

Stavanger biskop og bispedømmeråd sine ressursar består av tilsette, eigedom og økonomiske ressursar. Av desse er det dei tilsette som er viktigast for å nå måla.

Ein annan ressurs er det biskop og bispedømmeråd sjølv, og gjennom sine tilsette kan påverka, gjennom den rolla organa spelar i kyrkje og samfunn. Biskopen er arbeidsgjevar for prestane og har tilsyn med den kyrkjelege verksemda. Biskop og bispedømmeråd har forvaltningsoppgåver i kyrkja. Bispedømmerådet skal vekka og nærja det kristelege livet i kyrkjelydane. Det er desse oppgåvene ressursane i bispedømmeadministrasjonen går til. Dette arbeidet og ressursane til presteteneste kjem sokna og kyrkjemedlemmane til gode.

I 2017 har administrasjonen hatt fokus på å gjennomføra første år som del av det sjølvstendige rettssubjektet Den norske kyrkja. Det har vore ei sentral oppgåve å innføra og bruka nye administrative system på ein god måte, utan at dette fører til uro i kyrkja eller problem lokalt. Det målet vurderer me som nådd.

I personalforvaltninga har det også vore viktig å følgja vidare opp arbeidstidsordninga for prestar. Me har satsa på førebygging og handtering av seksuelle krenkingar og krise- og beredskapsarbeid, i tillegg til den ordinære personalforvaltninga med tilsetjingar, personaladministrasjon og oppfølging av konkrete behov i prostia, saman med prostane.

Innanfor avdeling for kyrkjelydsutvikling finst det også både faste arbeidsformer og prosjektarbeid. I 2017 har me til dømes arbeidd med ungdom og misjon, misjon i gudstenesta, helse-kyrkje-samarbeid, frivillig teneste i kyrkja, sorgarbeid, kyrkjemusikk og konfirmantplanar. Etablering av Kystpilegrimsleia har vore eit stort prosjekt. Turen til Solgården i Spania, for menneske med utviklingshemming, var ein stor suksess med mange positive ringverknadar. Ei anna stor satsing har vore «Sansen for det heilage», som etter kvart har blitt eit bokprosjekt, som ressurs for kyrkjelydane til å ta sitt eige kyrkjerom i bruk i større grad.

Som alltid fylgjer me sokna tett opp i forhold til trusopplæring.

2017 var også det året Ivar Braut blei ny biskop i Stavanger. Sjølv om han har vore ute av teneste deler av året, var det til stor glede då han kom. Det var mange viktige møte mellom biskop og ulike samarbeidspartnarar i løpet av våren.

Dei viktigaste resultatane er kommenterte i vurderinga frå leiaren og i detalj i avsnitta nedanfor. Kort sagt ser me positive tendensar i oppslutninga om dåp, fleire som går til nattverd, eit sterkt skule-kyrkje-samarbeid som bør takast vare på, stabilitet i trusopplæringa, god oppslutning om kyrkjeleg gravferd og konfirmasjon, sterkt frivillig medarbeidarskap og eit omfattande kyrkjeleg tilbod til barn og unge. Det finst fleire spennande diakonale prosjekt i kyrkjelydane.

Det er særleg tala for oppslutning om gudstenester som viser ein negativ tendens i 2017, så dette er eit område som på ein ny måte utfordrar til refleksjon og tiltak.

B. Resultatmål og nøkkelindikatorar

Gudstenestelivet blomstrar

1. OPPSLUTNINGA OM GUDSTENESTENE AUKAR

Delmål: Gudstenestene får auka oppslutning.

Indikator: Gudstenestedeltaking

Resultat og utvikling

I 2017 var det om lag 35 000 færre deltakarar på gudstenester på sun- og helgedagar enn i 2016. Til saman var det 521 137 deltakarar på desse gudstenestene. Det betyr at me har mista litt over 1 av 20 gudstenestedeltakarar.

Den gjennomsnittlege deltakinga er nå på 128. Det er nesten fem færre enn i fjor. Sidan 2012 har deltakinga vore relativt stabil, så denne nedgangen er ei ny utvikling.

Samla sett er ikkje nedgangen like stor. Det har blitt om lag 27 000 færre gudstenestedeltakarar totalt i løpet av året. Nedgangen er bare 0,8 % større enn nedgangen i talet på gudstenester, så her er ikkje utviklinga like tydeleg negativ som på sun- og helgedagar.

Fleire kom til gudsteneste på julafta enn i 2016. I dei andre høgtidene har det blitt færre gudstenestedeltakarar. Nattverddeltakinga går fortsatt oppover. Talet på gudstenester for barn- og familiar går litt opp, og den gjennomsnittlege deltakinga på desse går også opp. Det har blitt færre ungdomsgudstenester, men den gjennomsnittlege deltakinga på desse går opp.

Me er ikkje kjende med at det har vore gudstenester med samiske innslag i bispedømmet eller at nokre sokn har tilbod på samisk.

Kva ligg bak resultatet?

Me ser at det er nedgang i gudstenestedeltaking over heile landet. Nedgangen regionalt ser derfor ut til å vera ein del av ein større trend.

Me trur noko av resultatet kan forklarast som ein reaksjon på Kyrkjemøtet sitt vedtak om vigsel for par av same kjønn. Det er samanheng mellom tal for utviklinga på soknenivå og kva område mange har markert motstand mot vedtaket.

Deltaking på gudstenester heng også saman med dåp og konfirmasjon. Sjølv om delen av kyrkjemedlemmar som vel dåp har gått litt opp, så har det samla talet på dåp gått ned. Statistisk sentralbyrå melder at det jamt blir født færre barn. Med færre dåp blir det færre som kjem for å vera med på dåpen og litt lågare gudstenestedeltaking.

Elles kan utviklinga også sjåast som ein del av ein større generell trend. Me får melding frå prestar og prestar og har inntrykk av at det er godt vaksne og eldre som sluttar best opp om gudstenester. Fleire kyrkjelydar er urolege for framtida for gudstenestefellesskapet på lang sikt, fordi dei som går til kyrkje blir eldre, utan at det kjem nye til.

Prestar melder også at hyttelivet er ein sterk konkurrent til kyrkjegang i helgene. Kyrkjegjengarane er mindre lojale og ser det i mindre grad enn før som ei plikt eller naudsynt å gå til gudsteneste kvar søndag.

Nokre kyrkjelydar har fleire gudstenester enn hovudgudstenesta på sundagene. Det kan både vera kveldsgudstenester eller gudstenester med alternativ liturgi, eller gudstenester på institusjonar. Kveldsgudstenester og institusjonsgudstenester har lågare deltaking. Dette kan statistisk sett også påverka den gjennomsnittlege gudstenestedeltakinga, som dermed ikkje blir presis som mål på deltaking på hovudgudstenester. Det same gjeld utviklinga med fleire konfirmasjonsgudstenester på laurdagar.

På soknenivå ser me særleg merkbar nedgang på Jæren, i deler av Sandnes og til dels i Haugesund og Stavanger.

Nokre sokn har vekst. Frøyland og Orstad kyrkjelyd har i snitt 309 deltakarar på sun- og helgedagsgudstenester. Me har ikkje statistikk for Gand, men med 197 som gjennomsnitt for hovudkyrkja og kapellet i Julebygda ligg dei også på godt over 200 deltakarar i gjennomsnitt, saman med Nærbø, Randaberg, Åkra og Vedavågen. Veksten i den nye kyrkja i Kopervik er alt nemnt. Tre av fire sokn i Sola kommune har også vekst i gudstenestedeltakinga.

Det er altså fortsatt mogleg med god oppslutning om gudstenester. Når me ser på kva kyrkjelydar som også i ein krevjande situasjon får gode resultat, trur me at me kan sjå at god kvalitet på gudstenestearbeidet og eit aktivt og positivt fellesskap i kyrkjelyden gjev lokal stoltheit, gudstenesteglede og eit potensiale for rekruttering.

Det er heller ikkje nokon parentes at mange av kyrkjelydane med god oppslutning om gudstenestene har fulle stillingar som kyrkjemusikarar og dyktige utøvarar i desse. Nokre av dei kyrkjelydane som har høgast oppslutning høyrer også til dei som søkjer eit nyskapande gudstenesteliv, med god tilrettelegging for barn og unge og brei involvering av frivillige.

Me høyrer også at «gudstenester der det skjer noko spesielt», til dømes jazzmesser, trekk fleire folk.

Vurdering av resultatet

Me gler oss over at fleire går til nattverd.

Den gjennomsnittlege deltakinga på gudstenester for familiar og barn er klart høgare enn for vanlege gudstenester. Det er altså inga grunn til å ikkje satse vidare på dette. Det er også behov for fleire ungdomsgudstenester.

Det er ikkje ei overraskande utvikling at nokre har trekt seg ut av kyrkjelydane. I fleire av dei sterkast påverka sokna finst det bedehusforsamlingar, og nokre av desse har nå oppretta tilbod i tradisjonell gudstenestetid og utvida tilbodet om kyrkjelege handlingar. Det er ikkje mange på kvar stad som har gått over til desse, men det er nok til at det synest i statistikken. Andre område ser mindre til desse endringane.

Samtidig ser me at Nærbø kyrkjelyd, der dette spørsmålet har vore sterkt framme, ikkje har opplevd nedgang i oppslutning om gudstenestene. Nokre stader veit me at opne samtalar om tematikken har verka positivt.

Vegen vidare

Utviklinga frå gjer at me må auka fokuset på gudstenesteoppslutning og kyrkjelydsutvikling. Ei negativ utvikling spør etter både analyse og nye tiltak. Det er viktig å møte nedgang konstruktivt. Folk vil neppe slutta seg til eit nedtrykt fellesskap eller ta på seg ansvar for noko som verkar tappande og uoppnåeleg. Kyrkjelydane bør satsa på det dei kan få til, skapa trivsel og velja tiltak det gjev energi å arbeida med.

I årsplanen for 2018 har me sett opp kurs i gudstenesteleing og involvering, kurs i bruk av skjermpresentasjonar, rådgjeving om marknadsføring av gudstenester og kurs i gudstenester for små og store.

Kvalitetsarbeid er bare ei side av arbeidet med gudstenestene. Det handlar også om kyrkjelydsutvikling i eit breiare perspektiv, om bruar mellom trusopplæring, anna kyrkjelydsarbeid og gudsteneste og om kontakten mellom kyrkjelyd og lokalsamfunn.

I norsk kultur og for einskildmenneske er det ein stor overgang til å plutselig setja av ein føremiddag i beste familie-, tur- og idrettstid til å ta del i ein aktivitet det krev sosial og kulturell kompetanse å nærma seg, teologisk og liturgisk kompetanse for å skjønna og ein medviten lengt etter Guds nærvær i livet for å søkja, med tru på at denne kan møtast i kyrkja.

Me trur at dei som leiter vil finna, og at dei som bankar på vil det bli lukka opp for. Men det er forståeleg og allmennkyrkjeleg erfaring at gudstenestevekst ikkje er enkelt eller kjem ved eit trylleslag. Mellom anna handlar dette korleis me som kyrkje klarar å formidla evangeliet, på ein måte moderne menneske av ulike slag kan gripa. Resultata frå 2017 gjev drivkraft til det vidare arbeidet for at gudstenestefellesskapet kan voksa.

Det kan samtidig vera at vegen til dette mellom anna går gjennom å styrka andre deler av kyrkjelydsarbeidet, som det er lettare å rekruttera nye menneske inn i, til dømes trusopplæring, kulturarbeid, pilgrimsarbeid, korverksemd og kontinuerleg barne- og ungdomsarbeid. Me kan truleg også arbeida meir systematisk eller annleis med å skapa forståing for kva ei gudsteneste er og gjev blant konfirmantar og i trusopplæringa.

Undersøkingar viser også at det helst skal ein personleg invitasjon til for at nokon som ikkje har det som vane oppsøker ei gudsteneste. Det føreset at dei som høyrer til gudstenestefellesskapet har relasjonar til interesserte menneske, har tru på den lokale gudstenesta og tør å invitera.

Kyrkjeleg nærvær i lokalsamfunnet, fokus på relasjonar, kvalitetsarbeid og frimod på gudstenesta sine vegne kan skapa vekst.



Gudsteneste i Sunde kirke med drama, utdeling av fireårsbok, babysang og misjonstivoli.

2. GUDSTENESTETILBUDET BLIR HALDE OPPE

Mål: Tilbudet om gudstenester blir halde oppe.

Indikator: Gudstenestefrekvens

Resultat og utvikling

På sun- og helgedagar har det i snitt blitt 1,25 færre gudstenester pr. sokn, frå 2016 til 2017. Det har blitt rett under 2 færre gudstenester pr. sokn totalt sett. Endringane er altså ikkje store, sjølv om dei går i feil retning i forhold til ønsket om å halda tilbudet oppe numerisk sett.

Kva ligg bak resultatet?

I dei siste åra har reduksjon i forordna gudstenester vore ein konsekvens av eit behov for nedskjering. Til dømes har Dalane prosti fått redusert forordning etter å ha mista 30 % prostiprestressurs.

Det er også gjort mindre endringar i forordninga andre stader i bispedømmet, midlertidig eller permanent, til dels i samband med endringar i stillingar og til dels etter lokale ønske. Dessutan har prostane fått auka rom til å leggja til rette for fellesgudstenester i ferier eller på sundagar tett opp til julaftan.

Vurdering av resultatet

Me vurderer ikkje situasjonen som dramatisk. Det har vore god dialog mellom bispedømmet og sokna som har opplevd endringar, inkludert når det har kome spørsmål. I stort kan ein seia at dei aller fleste som ønskjer å gå på gudsteneste vil finna ei hovudgudsteneste i nærleiken. Nokre bygder har ein sjeldnare gudstenestefrekvens, men slike tradisjonar festar seg, og me opplever ikkje at dei spør etter fleire gudstenester.

Ei utfordring kan likevel vera ei ujamn gudstenesterytme. Då blir det vanskeleg for folk å vita når dei skal planleggja å koma til kyrkja. Sjeldnare gudstenester kan svekka fellesskapet i kyrkjelyden. Det kan spela med når nokre gudstenestefellesskap blir små.

Ei anna utfordring kan også vera moglegheit for dåp. Mange samlar familie frå mange stader for å feira, og ønskjer dåp i si lokale kyrkje. For å halda på oppslutninga om dåp bør det vera særskilte grunnar til å ikkje tilby dette i gudstenesta.

Vegen vidare

Det har lenge vore eit spørsmål om det ligg moglegheiter i å tilby fleire typer gudstenester. Nokre stader har dei gode erfaringar med gudstenester med alternativ liturgi.

I Stavanger spør ein seg om fleire samlingar i løpet av veka burde heitt gudstenester – sidan folk som tek del opplever at dei har vore i kyrkja.

Det er også ei strategisk vurdering korleis kyrkja best når ut til flest mogleg. Det viser seg jo vanskeleg å rekruttera nye til å bli faste kyrkjegjengarar, mens kvardagskyrkja har vore i vekst. Her er det eit sentralt teologisk og strategisk spørsmål korleis ulike mål og tilgjengelege ressursar skal haldast saman. På kva område vil kyrkja ha best føresetnadar for vekst? Går vegen til vekst i gudstenester gjennom auka tilbod eller via andre tiltak?

3. FLEIRE VEL KYRKJELEG VIGSEL

Mål: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Indikator: Talet på vigslar.

Resultat og utvikling

Det var 773 par som valde kyrkjeleg vigsel i 2017. Det var ein nedgang på 5 %.

Kva ligg bak resultatet?

Statistisk sentralbyrå har nasjonale tal for typar vigslar. Dei viser at talet på vigslar samla sett går ned. Dei viser at andelen vigslar er relativt stabil, men at han søkk litt i Den norske kyrkja og går litt opp for borgarlege vigslar og i trussamfunn utanfor Den norske kyrkja.

| Typar vigslar 2012-2016 (Kjelde: SSB) | | | | | |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Den norske kyrkja (i Norge) | 9400 | 8706 | 8602 | 8565 | 8186 |
| Vigsedel i Den norske kyrkja | 39 % | 37 % | 38 % | 38 % | 36 % |
| Del borgarlege vigslar | 33 % | 33 % | 33 % | 33 % | 35 % |
| Del vigslar i utlandet | 22 % | 23 % | 22 % | 21 % | 20 % |
| Del vigslar i trussamfunn utanfor Den norske kyrkja | 7 % | 7 % | 7 % | 8 % | 9 % |
| Vigslar i alt | 24346 | 23410 | 22887 | 22738 | 22537 |

Tilknytning til kyrkja spelar ei viss rolle for val av vigselsstad, men her har også tradisjon og ønske om personleg preg på bryllaupsfesten mykje å seia. Kyrkjebryllaup er mest høgtideleg, mest tradisjonelt og mest kostnadskrevjande viss ein skal følgja opp med ein stor fest. Både estetikk, økonomi og praktiske tilhøve påverkar valet.

I 2017 prøvde til dømes Domkyrkja seg med felles vigsel under Gladmatfestivalen. Ni par gifta seg i same seremoni og feira ved same langbord i Domkyrkja etterpå.

Prostane rapporterer også om mange ønske om personleg preg på vigselen. Me har hatt eit mangfaldig, men likevel restriktivt tilbod om vigslar utandørs, og det har gjort at nokre par har valt vigsel andre stader enn i kyrkja.

Kyrkja held fram viktige ideal for kjærleik og samliv. Noko av dette har nok festa seg blant folk som krav til å lukkast med samlivet. Det kan gjera at nokre par som har fått med seg kyrkjeleg kritikk av sambuarskap eller som inngår ekteskap for andre gong kan velja fortsatt sambuarskap eller andre former for ekteskapsinngåing først. Det same kan gjelda motstanden mot likekjønna samliv. Den er det mange unge som reagerer på, og sjølv om det ikkje er tilsikta frå kyrkja si side, blir dette ofte ei symbolsak. Det kan også påverka eit val om vigselsstad for nokon.

Vegen vidare

Kyrkjeleg vigsel er ikkje lengre noko sjølv sagt val og det finst fleire andre tilbod. Frå vår side kan me fokusera på kvalitet, strekkja oss lengre for å koma ønske om tilpassing i møte og driva medvite kommunikasjonsarbeid. Dette er hovudtiltaka i årsplanen for 2018.

4. OPPSLUTNINGA OM KYRKJELEG GRAVFERD BLIR HALDEN OPPE

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelege gravferder

Resultat og utvikling

| Kyrkjelege gravferder | | | | | |
|---------------------------|------|------|------|------|------|
| År | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Tal på gravferder | 2703 | 2616 | 2628 | 2724 | 2738 |
| Døde i Rogaland | 3033 | 2912 | 2959 | 3038 | I/T |
| Gravferdsprosent i kyrkja | 89 % | 90 % | 89 % | 90 % | I/T |

Talet på døde i Rogaland i 2017 er ikkje tilgjengeleg ennå. Utviklinga for gravferdsprosenten ser me derfor i 2016-tala.

Me ser at gravferdsprosenten er stabil og faktisk gjekk litt opp frå 2015 til 2016. Talet på gravferder har auka frå 2016 til 2017.

Kva ligg bak tala?

Frå elles i landet kjenner me til at det er fleire som tilbyr gravferd meir aktivt. I andre byar er gravferdsbyrå meir aktive med å tilby eigne seremoniar.

Sidan gravferdsbyråa ofte er dei som møter dei pårørande først, så har dei potensielt stor påverknad.

Me har drøfta dette i prostemøte. Dei største gravferdsbyråa i vårt distrikt har ikkje noko ønske om å tilby eigne seremoniar meir aktivt, sjølv om eit har skaffa seg eit eige lokale som gjev moglegheit for enkle seremoniar. Nokre gravferdsbyrå kan tilby eigne seremonileiarar, og eitt gravferdsbyrå gjer dette relativt aktivt.

Kyrkjeleg gravferd står fortsatt sterkt som tradisjon. Me trur kvaliteten på kyrkja sine tenester stort sett er høg, sjølv om det også kan finnast rom for betring.

Dersom andre alternativ blir meir synlege, kan det henda oppslutninga vil gå noko ned.

Det er fortsatt utfordrande å handtera ønske om musikk i gravferd. Det er blitt vanleg å ønskja seg noko anna enn kyrkjemusikk og orgel. Her er det ulike ønske mellom prestar og kantorar. Nokre kantorar har eit sterkt engasjement for å halda på levande musikk og musikk innan den kyrkjelege tradisjonen, meir eller mindre breitt forstått. Prestar kan oppleve det problematisk å få gjennomslag for dette når dei pårørande har sterke ønske.

Prestekonventet i 2017 hadde mellom anna fokus på sorg og sorgarbeid. Både prestar og diakonar var med.

Vegen vidare

I 2018 vil me både ha kontakt med gravferdsbyrå og ta opp utfordringane knytte til musikk i gravferd og ønske om personleg preg på gravferda.

5. KYRKJA GIR ROM FOR ULIKE KUNST- OG KULTURUTTRYKK

Nøkkellindikator: Talet på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

Resultat og utvikling

| Kultur 2013-2017 | | | | | |
|---------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Arrangement | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Konsertar i regi av kyrkjelyden | 399 | 415 | 526 | 420 | 490 |
| Publikumstal | 57 275 | 55 402 | 63 122 | 54 725 | 61 480 |
| Konsertar i regi av andre | 253 | 269 | 331 | 304 | 267 |
| Publikumstal | 51 150 | 59 763 | 62 348 | 70 750 | 64 937 |
| Andre kulturarr i regi av kyrkjelyden | 152 | 212 | 226 | 191 | 194 |
| Publikumstal | 19 269 | 22 096 | 20 525 | 18 914 | 21 552 |
| Andre kulturarr i regi av andre | 66 | 58 | 50 | 56 | 102 |
| Publikumstal | 1 060 | 22 643 | 10 876 | 7 241 | 5739 |
| Kulturelle arrangement totalt | 870 | 954 | 1133 | 971 | 1053 |
| Publikumstal totalt | 128 754 | 159 904 | 156 871 | 151 630 | 153 708 |

Statistikken frå 2017 viser ein liten auke i talet på kulturelle arrangement totalt. Talet på publikum aukar også. Tala på arrangement er relativt stabile frå år til år. Det som har auka mest er kulturelle arrangement i regi av andre, utan at dette har gitt auke i talet på publikum.

Det har blitt fleire konsertar i regi av kyrkjelydane, og deltakartalet på desse aukar også, med 12,3 %. Det er forskjell i utviklinga i prostia. Tungenes prosti har hatt 25 % fleire konsertar i eigen regi og auke i talet på publikum med heile 56 %. Også i Stavanger Domprosti er det ei markant auke i talet på konsertar i regi av kyrkjelyden på 20%, men utan større auke i talet på publikum enn 1,5 %.

For konsertar i regi av andre har det samla sett vore ein nedgang både i talet på konsertar og publikum. Det er rapportert 37 færre konsertar og ein nedgang i talet på publikum på 5813 (8 %).

Tala på kulturarrangement i regi av kyrkjelydane syner ei lita oppgang, frå 191 til 194 arrangement. Det er et stykke frå tala frå 2015 på 226. Publikumstala aukar frå 18.914 til 21.552. Dette er også høgare enn tala frå 2015.

Talet på kulturarrangement i regi av andre går opp, samtidig som publikumstala går ned. Me ser av statistikken på soknenivå at her gjev rapporteringa frå ein kyrkjelyd store utslag, så dette handlar truleg meir om rapporteringa eller svært lokale tilhøve enn om generelle trender.

Korarbeid er viktig, i seg sjølv og for kvalitet og rekruttering til gudstenester. I 2017 var det 125 barnekor og 72 vaksenkor i bispedømmet. Tala for barnekor går fortsatt noko ned, men ikkje så mykje som frå 2015 til 2016. Det har blitt fleire kor og kormedlemar for vaksne. Også her er det teikn på godt kulturarbeid i Tungenes prosti. Me veit ikkje årsaka til dette, men det er dyktige og aktive kyrkjemusikarar i prostiet, og det trur me er noko av grunnen.

Vurdering av resultatet

Tal frå kyrkjelydane over konserter og kulturarrangement viser at kyrkjene er viktige arenaer for kultur, med mange arrangement og høgt publikumstal. Å nytta ulike kulturelle uttrykk i formidlinga er viktig for oss som kyrkje i både teori og praksis.

Me gler oss over auka i tala for kultur i kyrkjene, både i talet for arrangement og publikum. Det er fortsatt meir enn eit barnekor pr. sokn i snitt og litt under eit vaksenkor i snitt pr. kyrkjelyd. Det er ikkje ønskeleg at det blir færre kor for barn, slik utviklinga nå er.

Når me ser på tala i detalj, ser me også noko inkonsekvens i rapporteringa.

Analyse av resultatet

Me trur mykje av dei positive resultatane skuldast dyktige og engasjerte kyrkjemusikarar. Dei siste åra har me styrka fagmiljøet for kyrkjemusikarar og arbeidd systematisk med kompetanseheving, gjennom fagdagar for kyrkjemusikarar, arrangera Norsk orgelfestival og inspirasjonssamling om kultur i kyrkjene. Me har også fokusert på kulturarbeid på prostisamlingar og i møte med lokale kyrkjelydar. Det er auka medvit om kultur som ein viktig del av kyrkjelydsarbeidet.»

I 2017 ser me også spor av reformasjonsmarkeringa i resultatane. Mellom anna var det mange kyrkjelydar som inviterte «Luther med latter»-forestillinga. Dette var eit prosjekt der idé og noko økonomisk støtte kom frå bispedømmets ressursgruppe for reformasjonsåret, som utfordra teatergruppa Ryfylke livsgnist til samarbeid. Forestillinga var eit historisk og humoristisk skråblikk på kva reformasjonen har ført med seg gjennom 500 år i Rogaland. Forestillinga blei også vist utanfor bispedømmet.

Mange av kyrkjelydane har nytta 2017 til å ha ulike arrangement om Luther og reformasjonen. Det har vore konsertar, temaverker, historiske og teologiske foredrag og sjølvstund gudstenester. Det har også vore samarbeid mellom Den norske kyrkja og Den katolske kyrkja i Stavanger. Arrangementa har vore varierte, spennande og godt besøkt, og dette er blant årsakene til auka i talet på publikum på andre kulturarrangement i regi av kyrkjelyden, på 14 prosent.

Konklusjon

Me trur fortsatt det er eit viktig vekstpotensiale på kulturfeltet i kyrkja, at kulturarbeidet er viktig og ein arena der kyrkja møter mange med eit språk som når inn og når breitt ut. Det er derfor god grunn til å prioritera kulturarbeid høgt vidare, dels i form av fellessatsingar koordinert på regionalt nivå eller i samarbeid mellom kyrkjelydar, dels som fagleg støtte og inspirasjon til lokalt tilsette. Kulturarbeidet rommar alt eit mangfald, men det er mogleg å ta fleire kulturelle uttrykk i bruk.

Det er også viktig at kyrkjelydane kan utfylla kvarandre. Kulturarbeid er ein god arena for samarbeid på tvers av kyrkjelydane. Det er viktig å skapa god dialog mellom sokn og lokalt tilsette, så dei veit kva dei ulike gjer, utvekslar erfaringar og får idear til samarbeid. Samlingane me arrangerer bidrar til dette.

Det er mykje å glede seg over i kyrkja som kulturarena. Resultatane er allereie gode, men me ønskjar vidare vekst.

Eit konkret tiltak i 2018 blir boka «Sansen for det hellige». Tre rådgjevarar på kontoret har skriva ei fag- og opplevingsbok som inspirasjon og ressurs til å ta kyrkjerommet meir i bruk. Me ser at kyrkjebygga taler til menneske og trur dei opplevingane det heilage rommet gjev er ein ressurs i mange delar av kyrkjelydsarbeidet. I tillegg til sjølve boka vil me presentera tankar og metodar frå prosjektet på ulike kurs. Me håpar prosjektet vil vera ein ressurs til bruk i lokale tiltak og gje auka refleksjon om korleis me kan møta menneske med estetikken og symbola som språk. Boka kan også bli ein ressurs for kyrkja elles i landet.

6. MENNESKE MED SÆRSKILTE BEHOV BLIR INKLUDERTE I KYRKJELYDSARBEIDET

Nøkkelindikator: Talet på tiltak og arrangement for menneske med særskilte behov

Innleiing

Kyrkjeleg nærvær blant menneske med utviklingshemning er eit satsingsområde for bispedømmet, reflektert i årsplanen. Det konkrete arbeidet skjer både lokalt i kyrkjelydane, som fellestiltak mellom sokn og på bispedømmenivå.

Resultat og utvikling

I årsstatistikken ser me at 45 av 92 sokn har «tilbod retta mot menneske med funksjonshemming». Det er ei lita auke frå i fjor. 25 av desse sokna seier tiltaka er samarbeid mellom fleire sokn.

Tilboda er stabile. Det består av tilrettelagde klubbar, lørdagskaféar, særskilte speidargrupper og andre kontinuerlege tiltak. Eit særtrekk dei siste åra har vore vidareutvikling av større fellestiltak på regionalt nivå. Her ser me tydeleg at det gjev stor glede og inspirasjon for deltakarar og leiarar å treffast på fellesarrangement. Fellestiltaka gjev inspirasjon til det lokale arbeidet, og det blir lettare å oppsøkjia kvarandre sine lokale arrangement. I dei ulike fellestiltak i år kan me rekna om lag 600 deltakarar, noko som er eit stort tal for denne målgruppa.

Solgårdenturen-17, ei ferieveke i kyrkjeleg regi for menneske med utviklingshemming, står i ei særstilling. Å reisa så mange som 96 personar frå bispedømmet var ei stor oppleving, samtidig som det også er eit stort ansvar og krev svært god planlegging på førehand. Me ser tydeleg at satsinga gjev «langtidseffekt» og hjelper å nå målet om å inkludera fleire. Kontaktnettet blir større gjennom desse turane, også inn mot pårørande og kommunale tenesteytarar, som deltek med sine bebuarar.

Me får tilbakemelding frå tilsette og leiarar i kommunane om at kyrkja sitt bidrag er viktig og held høg kvalitet, så denne kontakten styrker også kontakten og tilliten mellom kyrkje og kommune.

På verdas Downs-syndrom-dag arrangerer me familie- og vennefest, saman med lokale NFU-lag. Det gjev høve til å nå ut til større grupper og saman med dei gje eit breiare tilbod. Me har også kontakt med utdanningsinstitusjonar på fagområdet.

I alle desse fellestiltaka får me og vidareutvikla og trenar leiarressursane våre. Dette er nødvendig, gjevande og ein viktig strategi for vidare arbeid.

Dei stadene me har tilrettelagde konfirmantgrupper på prostiplan ser me ei målbevisst og samvitsfull satsing som aukar kvaliteten i arbeidet. Leiarar med brei og trygg erfaring byggjer relasjonar og nettverk som lever utover konfirmasjonstida. Arbeidet har godt omdøme hjå familiar som nyttar det.

I trusopplæringa strekk kyrkjelydane seg langt for å leggja til rette for deltakarar med særskilte behov. Her ser me likevel at deltakinga frå denne målgruppa varierer.

Me har også fokus på åndeleg omsorg for denne målgruppa. Her samarbeider me med kommunane. Ein viktig del av dette arbeidet er å bidra med kompetanse på åndeleg omsorg. Det er fortsatt behov for å styrka medvitet om dette behovet i kommunane og å gjera tilbodet vårt kjent. Kontakt med leiarar og tilsette på fleire nivå i helse- og omsorgstenesta er eit viktig tiltak her.

Vurdering av resultatet

Det finst eit tilbod til menneske med utviklingshemming i store deler av bispedømmet. Det er viktig i seg sjølv. Stabiliteten og kontinuiteten i tilbodet er også positiv. Konfirmantopplegga er godt etablerte, mens det fortsatt er ønskeleg å få fleire med i trusopplæringa enn i dag.

Me er på utkikk etter kva som kan gjerast for å få eit tilbod der det er langt til nærmaste eksisterande tilbod, eller om det finst menneske i målgruppa på ulike stader som ikkje har eit kyrkjeleg tilbod. Visitasane og møte med diakonar og prestar i prostia er ein arena for dette. Ansvarret må vera lokalt, men fagleg kompetanse på regionalt nivå er ein viktig føresetnad for stabiliteten i det lokale arbeidet og for at ikkje denne gruppa skal bli gløymt.

Me ser også eit potensiale i å inkludera menneske med utviklingshemming i gudstenestene. Det berikar gudstenestefellesskapa når det blir synleg korleis me høyrer saman i kyrkja på tvers av ulike funksjonsnivå. Menneske med utviklingshemming har mange talent som kan berika heile kyrkjelyden. Ein kyrkjelyd går glipp av mykje godt dersom ikkje dei utviklingshemma sine erfaringar og trusliv er tydeleg til stades.

I stort er me likevel godt nøgde med resultatet, både over kor mange me som kyrkje er i kontakt med, breidda av tilbodet og dei verdiane og den kvaliteten som er eit kjenneteikn på dei fellesskapa som finst. På dette området fyller kyrkja eit diakonalt behov som ikkje ville vore lett å erstatta. Det har stor kyrkjeleg, teologisk og menneskeleg verdi.

Vegen vidare

Det kyrkjelege arbeidet for menneske med utviklingshemming gir gode, faste haldepunkt for mange i det daglege og høg trivsel er kjenneteikn i samvær og fellesskap.

For å halda arbeidet oppe, treng me fortsatt satsing på leiarar, både inspirasjon, opplæring og nyrekruttering. Kontinuitet og stabilitet er fortsatt viktige verdiar i arbeidet. At dei lokale tiltaka har leiarar som tek vare på dette kan truleg ikkje overvurderast. Mange menneske med utviklingshemming er utprega relasjonelle, og opptekne av *kven* ein skal vera saman med, snarare enn *kva* ein skal gjera. Det er av stor betydning for dei å få vera med i ein samanheng der dei blir sett og forstått.

Vidare er det viktig å arbeida med korleis me kan rekruttera og inkludera yngre deltakarar og byggja ut dei lokale nettverka. Me vil også hjelpa fleire kyrkjelydar til ei meir aktiv og målretta forplikting på å vera inkluderande. I året som kjem vil me vidareutvikla og styrkja fellestiltak, sjå på verktøyet «vår inkluderende menighet» i prostisamlingar, følga opp tilsette og frivillige leiarar og halda fram dei ressursane og gåvene menneske med utviklingshemning ber med seg.



Solgården-turen er ei ferieveke i kyrkjeleg regi for menneske med utviklingshemming. Satsinga gjev «langtidseffekt» og hjelper å nå målet om å inkludera fleire.

Fleire søker dåp og trusopplæring

1. OPPSLUTNINGA OM DÅP AUKAR

Nøkkelindikator: Prosentdel døypte av tilhøyrande

Resultat og utvikling


Dei fire siste åra har det blitt færre døypte, men oppslutninga om dåp blant barn som høyrer til Den norske kyrkja har hatt ei forsiktig auke:

| Dåp | | | | |
|----------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| | 1 år i 2014 | 1 år i 2015 | 1 år i 2016 | 1 år i 2017 |
| Døypte i årskullet | 3740 | 3578 | 3591 | 3320 |
| Dåpsprosent av kyrkjetilhøyrande | 80 % | 81 % | 81 % | 81,7% |

Rundt fire av fem kyrkjemedlemmar døyper nå barna sine.

Statistisk sentralbyrå seier at talet for fødslar generelt går ned. Det medverkar til at talet på dåp også går ned. Når oppslutninga i prosent aukar, viser det at vårt mål faktisk blir nådd. Etter nokre år med nedgang før 2016 kan det nå synast som om me har klart å motverka ein trend.

Når me ser på delen døypte av medlemmar og tilhøyrande, er det stort sett fleire døypte i tidlegare årskull. Her er eit diagram over dette:



Skilnaden mellom døypte pr. årskull og døypte 1-åringar pr. år kjem truleg av at desse oversiktene viser ulike ting. Den første tabellen viser korleis situasjonen har vore for kvart kull med 1-åringar dei fire siste åra. Den andre oversikta blir også påverka av utmeldingar, forseinkingar i lokal registrering og dåp av barn som er eldre enn eitt år. Det er ei naturleg forklaring på deler av auka i ulike årskull. Samtidig viser dette også at delen døypte var høgre for 10 år sidan.

Det er som vanleg naturleg at mange i første årskull ikkje ennå er døypte.

Av oversikta over døypte i bustadssoknet eller i eit anna sokn, ser me teikn på at dåp handlar mykje om tradisjon og røter. Me veit at mange ønsker å ha dåp der dei kjem frå. Å høyra til kyrkja er for

mange ikkje bare å høyra til kyrkja som organisasjon, det er å høyra til ei bestemt kyrkje, der ein har røter, ei historie og relasjonar.

Korleis er situasjonen?

Kyrkja har hatt stort behov for meir kunnskap om kva foreldre tenker om val av dåp. Det er gjort ei lokal undersøking i Sandnes sokn, der eit lite utval familiar som hadde valt å ikkje døypa barnet sitt, blei intervjuet. Dette avdekket to årsaker, som for ein del respondentar falt saman. Det eine var at foreldra ikkje ønska å ta eit val om dåp på vegne av barnet sitt. For det andre kunne det handla om stor distanse til kyrkja.

Desse funna samsvarar med hovudtrekka frå forskning på dåp i Norge og Danmark i 2015.

Den største risikofaktoren i dåpsarbeidet er kva haldningar foreldre har til kyrkja og til dåp. Dette er det som direkte påverkar ei avgjerd om dåp eller ikkje. Kyrkja kan påverka dette gjennom informasjonstiltak og gjennom sine møte med foreldre.

I Haugesund har dei sett at det er betre oppslutning om dåp i familiar der begge foreldre er medlemmar av kyrkja, enn der bare den eine er kyrkjemedlem. Dette er ikkje overraskande.

Samanhengen mellom tiltak og resultatet

I møte med utviklinga har me satsa målretta, lokalt, regionalt og nasjonalt dei siste åra. Den positive utviklinga me ser kan ha samanheng med dette.

Det var i 2014 Aksjon dåp blei til, og aksjonsperioden varte til 2016. Sidan har verktøy og tiltak blitt fylgt opp innan det ordinære arbeidet. Me veit at aksjonen var ein vekkar for mange kyrkjelydar, at han verka motiverande og førte til konkrete tiltak mange stader. «Verktøykassa for dåp» er blitt ein permanent ressurs.

Det ser ut til at staten på aksjonsperioden fell saman i tid med at den negative utviklinga stansa opp.

Det har også vore fellestiltak i bispedømmet, med to versjonar kinoreklame, den siste noko mindre oppsiktsvekkjande enn den fyrste, men truleg ikkje med dårlegare resultat. Den siste filmen har også blitt ein ressurs for dåpssamlingar i kyrkjelydane.

Det verkar fortsatt positivt å kopla dåp og trusopplæring på dåpssamlingar. Foreldra kan då møte fleire av dei kyrkjelege medarbeidarane dei vil møte på ulike trusopplæringstiltak, og kanskje særleg babysong. Dette gjer samlingane betre og styrkar kyrkjelydsarbeidet.

Lettare tilgang og betre nettsider for dåpsspåmelding er også eit viktig tiltak. Foreldregruppa er vane med å bli møtte av enkle og gode nettløysingar.

Tiltak og resultat på soknenivå

Gjennom kontakten vår med kyrkjelydar kjenner me også til nokre av dei som har satsa mest på dåp i det siste. Det er oppmuntrande å sjå at mange stader gjev målretta satsing gode resultat. Gausel har auka oppslutninga frå 73,3 % i 2015 til 82,4 % i 2016. Vardeneset har vore svært aktive, og har gått frå 77 til 92 prosent oppslutning på to år.

Sørnes kyrkjelyd har hatt fokus på dåp, god kontakt med ungdom og har eit godt og stabilt kyrkjelydsarbeid. Dei har også gått opp frå 73,8 % til 81,1 %. Det same gjeld Tananger, der tala tyder på ein oppgang frå 65,5 % til 91,2 %.

Me har fokus på dåp i årsrapportsamtalane for trusopplæringa. Me ser at konkret oppfølging frå bispedømmet på viktige tema har noko å seia for prioriteringar i kyrkjelydane. Me aukar trykket i 2018.

Når dåp ikkje er sjølvsagt, tyder erfaringane våre på at ei kyrkje som aktivt tilbyr og legg til rette for dåp får positive resultat.

Det kan synast som om det er nokre «suksessfaktorar» som går igjen i dei kyrkjelydane som anten aukar dåpstala eller held på høge dåpstal. Desse er:

- Er kyrkjelyden oppteken av å utvikla eige dåpsarbeid?
- Er fleire enn presten involvert i dåpsarbeidet (til dømes i dåpssamtalen)?
- Har kyrkjelyden eit attraktivt tilbod om baby – og småbarnssang?
- Driv kyrkjelyden eit godt kommunikasjonsarbeid rundt dåpen?


Tal frå Danmark viser også at babysong rekrutterer til dåp.

Konklusjon

Me vil fortsatt ha sterkt fokus på dåp, gjennom utviklingssamtalar i trusopplæring, dåpslunch for alle tilsette i bispedømet i mai og på Forum for trusopplæring i august. Me har laga ein dåpsplakat som samtaleinstrument for stabar og sokneråd. Plakaten blir delt ut på utviklingssamtalene i løpet av våren 2018.

Arbeidet med å auka omfang og kvalitet på trusopplæringstiltak vil fortsatt kunne påverka dåpstala.

Me er glade for den positive utviklinga dette året. Oppslutning om dåp er fortsatt ei sentral utfordring. Me vil halda fokus og prøva å etablera stabile og gode arbeidsformer lokalt, slik at utviklinga kan bli positiv over tid. Det tel også mykje for dåpsutviklinga korleis me i stort er kyrkje blant folk, ikkje minst korleis me er til stades blant den yngste delen av befolkninga.



Plakaten om dåp er laga som eit samtaleinstrument for stabar og sokneråd.

2. OMFANGET I TRUSPPLÆRINGSTILBODET AUKAR

Nøkkelindikator: Gjennomsnittleg timetilbod i kyrkjelydane

Mål

Delmål: Omfanget av trusopplæringstilbod aukar

Indikator: Opplæringstilbod i timar

Resultat og utvikling

Gjennomsnittleg timetal på opplæringstilbod i sokna er ein indikator på om korleis tilbodet om trusopplæring relaterer seg til den nasjonale norma for timetal på 315 timar.

I 2015 var det ei omlegging av korleis ein reknar timar i det nasjonale planverktøyet. Det er derfor mest nærliggjande å sjå på utviklinga i tala dei siste to åra etter omlegginga. Sokna hadde i 2016 eit gjennomsnittleg tilbod om trusopplæring på 354,4 timar. I 2017 var det gjennomsnittlege talet 351,3 timar. Det inneber ein liten nedgang på 3,2 timar.

Vurdering av resultat

I stort er omfanget av trusopplæringstilbodet stabilt og godt over den nasjonale norma. Det er ikkje optimalt med nedgang, og me ønsker å auka talet og halda det oppe. Me ser også at nedgangen i vårt bispedømme er relativt liten samanlikna med andre stader i landet, og at omfanget er høgt om ein ser på tala på landsbasis. Dette tyder på mykje godt arbeid og stort engasjement i kyrkjelydane.

Ut frå den nye måten å rekna timar på er målet om 315 timar trusopplæring pr. born nådd med god margin.

Kva ligg bak resultatet?

Det er små variasjonar i dei lokale planane som gjer utslag på det totale talet for heile bispedømmet. Sokna justerer omfanget av tilbodet ut frå dei ressursane dei har. Det at talet går litt ned, kan derfor henga saman med den generelle situasjonen i sokna.

Gjennom utviklingssamtalar, kurs og samlingar, rettleiing og visitasar held me kontinuerleg fokus på å bygga ut trusopplæringa. Samstundes er det viktig å tenka kvalitet og ikkje bare kvantitet på tiltaka. Det er viktig at sokna bruker tid på å bygga opp solide tiltak som kan vara på sikt, som etter kvart kan samla breidda av barn og unge. Viss ein startar mange nye tiltak utan å ha tilstrekkelege ressursar, vil det ofte skada meir enn det gjer godt.

Sokna har ulike føresetnadar for å oppnå det timetalet som er sett i den nasjonale norma. Historie, tradisjonar, lokale forhold, storleiken på soknet og økonomien lokalt spelar inn på kva omfang av aktivitetar kyrkjelyden kan leggja opp til. Det vil fortsatt gå nokre år før alle tiltaka kyrkjelydane har lagt inn i sine lokale planar blir realiserte.

Me trur at det strategiske arbeidet me driv med utviklingssamtalar er viktig for resultatata. Samtalane er ein viktig arena for å gje faglige innspel, sjå framover og ikkje minst læra av kyrkjelydane sitt arbeid, for å kunna ta innsikt med vidare. I desse samtalane kjem kyrkjelydane sjølv med forslag til korleis dei kan trappa opp trusopplæringsarbeidet lokalt. Det er godt eigarskap til målet om å nå fleire barn og ungdommar.

Det vil vera mogleg for sokna å auka omfanget viss dei får med fleire frivillige i trusopplæringa. Fleire frivillige vil opna for fleire tiltak og fleire timar. Gode rammer for dei tilsette og godt tverrfagleg samarbeid i stabane kan også bidra til at omfanget kan aukast.

Vegen vidare

Me er nå i driftsfasa i reforma. Det er ei kritisk fase. Det handlar om å halda trykket oppe i det vidare arbeidet med å auka tilbodet av trusopplæring i sokna. Omfanget har mykje å seia for i kva grad dei store måla for trusopplæringa blir nådd og for kor mange som blir med.

Dette er eit spennande og krevjande arbeid. Rolla vår er å gje tilsette og frivillige motivasjon, støtte og håp om få til ein auke i omfanget på sikt.

I utviklingssamtalane og i planutviklingskursa prøver me å finna god balanse mellom å auka omfanget og å leggja vekt på kvalitet og forsvarleg ressursbruk.

Fokus på rekruttering av frivillige og tverrfagleg samarbeid om trusopplæringa i stabane er viktig for resultatata framover.



Sokneprest Arnt Johan Vistnes i Skåre menighet fekk hjelp frå to av Lys Vaken-deltakarne under nattverden 1. søndag i advent.

3. DELTAKARDEL PÅ NASJONALE BREIDDETILTAK

Delmål: Oppslutninga om trusopplæringstiltak aukar

Indikator: Prosentdel deltakarar på nasjonale breiddetiltak

Resultat og utvikling

Her er tal for gjennomsnittleg oppslutning på breiddetiltak i Stavanger bispedømme

| Gjennomsnittleg oppslutning i trusopplæringstiltak | | | | |
|--|--|------|------|------|
| Alder | Tiltak | 2015 | 2016 | 2017 |
| 0 år | Samtale før dåp | 100% | 101% | 98% |
| 4 år | Utdeling av bok | 53% | 51% | 55% |
| 6 år* | Eit tidsavgrensa breiddetiltak for 6-åringar | 38% | 35% | 33% |
| 8 år | Tårnagenthelg | 33% | 32% | 42% |
| Ca. 11 år | Lys Vaken | 34% | 35% | 31% |
| 15 år | Konfirmasjon | 85% | 84% | 86% |
| 16 år | Breiddetiltak året etter konfirmasjon | 16% | 18% | 19% |

I dette utvalet av tiltak tek samla sett 49 % av målgruppa del i trusopplæringstilbod. I 2016 og 2015 var talet 51%. Oppslutninga er relativt stabil, med små variasjonar frå år til år, men har gått noko ned frå 2016 til 2017.

I utviklingssamtalane ser me at tala frå sokna ikkje alltid er godt nok kvalitetssikra. Desse tala er likevel det beste me har. Tala inkluderer alle sokn i Stavanger bispedømme, sidan alle hadde godkjent plan ved utgangen av 2016.

Vurdering av resultatet

Det er gledeleg å sjå at «Tårnagenthelg» har ein auke i oppslutning på heile 10%. Erfaring med arrangementet kan gjera at kvaliteten på tiltaket går opp. Stadig fleire av sokna gjennomfører tårnagenthelg.

Lys Vaken har ei oppslutning på over 30 %, men har hatt ein nedgang på 4% frå 2016-2017. Dette er eit omfattande tiltak å gjennomføra, på grunn av overnattinga. Dette kan bidra til at tiltaket blir avlyst i periodar med vakansar og mindre kapasitet hjå dei tilsette.

Dei meir tradisjonelle tiltaka, «Utdeling av bok til 4-åringar» og «Tidsavgrensa tilbod til 6-åringar», har gått i to ulike retningar i 2017. Mens «Utdeling av bok til 4-åringar» har gått opp med 4 %, har «Tidsavgrensa tilbod til 6-åringar» gått ned med 2 %. Samtidig er det tydeleg at desse «gamle» tiltaka er godt innarbeidde og held seg på ein jamt høg deltakerdel. Folk i kyrkjelyden kjenner tryggleik i møte med tiltaka. Dei blir ein del av tradisjonane i familien.

Fleire av kyrkjelydane seier at dei ikkje rapporterer på tiltaka dei har for ungdom, sidan dei ser at breidda av ungdom ikkje kjem. Med gler oss likevel over at desse tala aukar med 1% frå 2016-2017. Samtidig er det ikkje tvil om at det trengst målretta satsing på ungdom, både frå Kyrkerådet og bispedømmet.

Det er store variasjonar mellom sokna i oppslutning om trusopplæringstiltaka. Sjølv om ulike sokn gjer same ting med omsyn til kvalitet og marknadsføring, kan resultata bli ulike. Tradisjonar på staden, kyrkjelyden si historie, andre tilbod i soknet o.a. er med på å påverka kor stor oppslutninga blir.

Oppslutninga om trusopplæring kan samanliknast med både målet om å nå alle, historiske tal for trusopplæring og oppslutning om andre aktiviteter, kyrkjelege og for andre fritidstilbod, som jo skjer på same tid som ein del av trusopplæringa.

Det er mykje å strekka seg etter før alle døypte er nådd. Over tid viser tala seg å vera relativt stabile, og samanlikna med andre tilbod til barn er resultatane gode. Kyrkjelydane har gjort ein imponerende innsats i å etablere trusopplæringstilbodet, og det er klart at det er stor og brei interesse generelt sett for desse tilboda.

Vegen vidare

Kvalitet og godt omdømme kan vera med på å auka oppslutninga. Me legg stor vekt på utvikling av kompetanse for å sikra kvaliteten i trusopplæringa.

I utviklingssamtalane blir kyrkjelydane utfordra på oppslutning: Korleis har utviklinga vore dei siste åra? Kva kan dei gjera for at fleire skal koma på tiltaka? Me trur tett oppfølging av kvar kyrkjelyd i utviklingssamtalar, prostivis eller enkeltvis, verkar positivt. Slike samtalar legg til rette for at medarbeidarar lærer av kvarandre og tek læringa med seg heim til eigen kyrkjelyd, der dei utviklar arbeidet sitt.

Det er avgjerande for oppslutninga at sokna arbeider målretta med kommunikasjon. Nye kommunikasjonsformar utfordrar tilsette i trusopplæringa til å utvikla kommunikasjonsmetodane kontinuerleg. Samtidig ser me at god relasjonsbygging også er god PR. I kurs for nyttilsette i trusopplæring har me lagt vekt på kommunikasjon og marknadsføring.

Mot slutten av 2016, valde me ut tre kyrkjelydar som skal vere pilotkyrkjelydar for det nye nasjonale breiddetiltaket «På sporet». Me er spente på om deira erfaringar kan ha ein positiv smitteeffekt til andre kyrkjelydar i arbeidet med ungdom.

Vegen vidare

Det er gledeleg å sjå at oppslutninga går opp for fleire av trusopplæringstiltaka. I resultatane ser me også at god oppslutning ikkje kjem av seg sjølv og at det er eit arbeid å halda på gode resultat. Me ønsker å finna ennå fleire gode arbeidsformer for lokalt utviklingsarbeid.

Kyrkjerådet har utvikla opplegg for fleire tiltak for ungdomar i alderen 15-18 år dei siste åra. Det vil vera viktig å implementera desse nye tiltaka i sokna.

Elles har arbeidet med trusopplæring gode strukturar og tradisjonar. Me opplever at desse fungerer godt og vil halda på desse arbeidsformene vidare. Sjølv om arbeidsmåttane er dei same, arbeider me kontinuerleg med fagleg støtte, inspirasjon og fornying.

4. OPPSLUTNINGA OM KONFIRMASJON BLIR HALDEN OPPE

Nøkkelindikator: **Konfirmerte av døypte 15-åringar**

Resultat og utvikling

| Konfirmasjon | | | | | |
|---|------|------|------|-------------|-------------|
| | 2010 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Konfirmasjonsprosent av døypte | 92 % | 89% | 87% | 88% | 87% |
| Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande | 86 % | 83% | 81% | 83% | 79% |
| Konfirmasjonsprosent av alle | 73 % | 68 % | 64% | 64% | 63% |
| Konfirmerte | 4421 | 4217 | 4005 | 3926 | 3749 |

Talet på konfirmerte av døypte held seg relativt stabilt, med ein liten nedgang på to prosent frå 2016 til 2017. Talet i 2017 er dermed på same nivå som i 2015.

Talet på konfirmerte av døypte og tilhøyrande går ned med fire prosentpoeng. Den gruppa av tilhøyrande som ikkje blir døypte har mindre sjanse for å bli konfirmerte. Valet om å ikkje bli konfirmert kan reflektera familien sitt val om å ikkje døypa. Det kan også reflektera at terskelen til konfirmasjon blir høgare for dei som ikkje er døypte.

Når det gjelder konfirmasjonsprosenten av alle i årskullet, ser me at 63 % av 15-åringane i Rogaland blei konfirmerte i kyrkja. Dette talet har vore relativt stabilt dei siste tre åra. Dette talet reflekterer befolkningsutvikling og, som tala elles, til ein viss grad vekst i alternative konfirmasjonstilbod. Nokre nye slike kjem til på einskilde stader, i frikyrkjer og i bedehusforsamlingar.

Me informerte om samisk konfirmantleir og kjenner til at ein deltakar frå bispedømmet var med.

Innbyggjarundersøkinga frå 2015 er fortsatt relevant. Der fekk konfirmasjonstilbodet 86 av 100 poeng, noko som relativt sett er eit svært sterkt resultat. Det tyder på grunnleggjande god kvalitet på kyrkja sitt konfirmasjonstilbod, noko som også kan forklara god oppslutning i ei tid der det finst alternativ til konfirmasjon.

På soknenivå er det vanleg at tala bølger noko frå år til år når det gjeld oppslutninga om konfirmasjon, utan at dette gjer store utslag på den totale statistikken. Variasjonen kan ofte forklarast med samansetjing i årskulla eller andre lokale høve.

Vurdering av resultatet

Det er positivt at oppslutninga om konfirmasjon i bispedømmet held seg relativt høg og stabil. Det tyder på at kyrkjelydane i det store og heile gjer godt arbeid.

Dette er ikkje sjølv sagt, så me trur det er naudsynt å arbeida med kvalitet og vidareutvikling i konfirmantarbeidet. Dette ligg nå inne i satsinga til bispedømmet. At Kyrkjerådet og bispedømmet har eit kontinuerleg fokus på konfirmasjon, har truleg ein positiv effekt inn mot sokna. Nokre tiltak er viktige som fellessatsingar. Det handlar til dømes om marknadsføring av konfirmasjon gjennom brosjyre, filmar, Facebook og andre kanalar, og om det faglege fokuset på metode og innhald på kurs og samlingar i regi av bispedømmet.

Vegen vidare

På sikt trur me at oppslutninga om konfirmasjon vil vera avgjerande for oppslutninga om dåp. Dersom ein er konfirmert i kyrkja vil det vera større sjanse for at ein seinare vel dåp i kyrkja for barna sine.

Risikovurderinga på området er alvorleg, både ut frå kva konfirmasjon betyr i seg sjølv og kva rolle konfirmasjonen spelar i folkekyrkja.

Bispedømmet har sidan 2015 hatt ei omfattande satsing på konfirmasjon. Hausten 2016 og våren 2017 har det vore kurs om konfirmantarbeidet for alle tilsette i alle prostia. Tilbakemeldingane på kursa viser at det var viktig med ei oppdatering på metode og innhald i undervisninga.

Som ein del av satsinga skal alle kyrkjelydane utvikle lokal plan for konfirmasjonstida i samsvar med Plan for trusopplæring. Det er om lag 20 år sidan kyrkjelydane sist sendte inn plan for konfirmanttida til vurdering hjå biskopen. Målet med planen er å sikre utvikling og fornying i konfirmantarbeidet. Planen skal sendast inn til biskopen innan 15.mars 2018.



Konfirmantar i Vår Frelsers menighet.

5. STYRKING AV UNGDOMSARBEIDET

Mål: Ungdomsarbeid blir styrka
Indikator: Talet på ungdomstiltak og deltakarar

Kontinuerleg ungdomsarbeid i kyrkjelydane

Resultat og utvikling

| Ungdomsarbeid 2016-2017, 13-17 åringar | | | | | | |
|--|--------|------|-----------|------------|------|-----------|
| | Tilbod | | | Deltakarar | | |
| | 2016 | 2017 | Utvikling | 2016 | 2017 | Utvikling |
| Kontinuerlege tilbod | 139 | 152 | +13 | 2545 | 2305 | - 9 % |
| Einskildtilbod | 57 | 68 | +11 | 1530 | 1508 | - 1 % |
| Leiarkurs | 75 | 94 | +19 | 488 | 530 | + 10 % |

I gjennomsnitt har sokna eitt kontinuerleg tilbod og eitt leiarkurs for 13-17 åringar. Det er vekst i tilbodet, men nedgang i talet på deltakarar på andre tilbod enn leiarkurs, der er det vekst.

Tidlegare år har me sett nedgang i tilbod og deltakarar i ungdomsarbeid utanom trusopplæring og konfirmasjon. Denne trenden held altså ikkje fram i år.

I denne aldersgruppa er det rundt 30 000 personar i bispedømmet. Det betyr at mellom 7,5 til 15 prosent av befolkninga i målgruppa er med på eit kyrkjeleg tilbod i desse kategoriane, viss rapporteringa stemmer.¹ Mellom medlemmar og tilhøyrande ungdom, er delen mellom 10 og 20 prosent, altså mellom ein av ti og ein av fem.

For 18-30 åringar er det færre eigne tilbod. Rundt halvparten av sokna har tilbod av ulike slag, med rundt 500 deltakarar. Det er nedgang i talet på kontinuerlege tilbod og leiarkurs, men ein samla vekst i deltakartal.

Vurdering av resultatet

Me har vore bekymra over den negative utviklinga dei siste åra. Kyrkja sin kontakt med ungdom er viktig i seg sjølv og viktig strategisk, for rekruttering og for kyrkja si framtid.

Både i år og tidlegare har me til ein viss grad vore usikre på tala. Også i år ser me inkonsekvens i rapporteringa og resultat me stussar på ut frå det me veit om situasjonen lokalt. Samtidig er datamengda stor nok til at resultatata kan brukast, med eit visst atterhald, sjølv om ein skilde punkt er usikre.

I tillegg til det som er rapportert her i årsstatistikken kjem nokre trusopplæringstiltak, konfirmasjon og tilbod som høyrer heime i dei kristne organisasjonane. Nokre stadar har kyrkja ikkje arbeid sjølv, men det finst aktive kristne ungdomsmiljø i regi av desse.

Situasjonen er prega av lokale forskjellar. Gand, Ålgård, Lura og Riska rapporterer alle om kontinuerlege tilbod med over 100 deltakarar. Her satsar kyrkjelydane også med eigne medarbeidarar, noko som truleg er viktig for resultatet. 15 kyrkjelydar har tiltak med mellom 50 og 100 deltakarar, 16 har tiltak med mellom 25 og 49, 16 har tiltak med under 25 deltakarar og 40 sokn har ikkje eigne tiltak. Fleire av dei siste ligg stader der organisasjonane driv ungdomsarbeid, men nokre stader veit me også det ikkje er tilbod i det heile.

¹ Ein del av desse kan vera konfirmantar som er med på aktivitetstilbod i kyrkjelyden i samband med konfirmasjon.

Me ser altså at deltakinga på kontinuerlege tilbod for ungdom i ungdomsskule og på vidaregåande går ned, men at volumet samla sett i relasjon til målgruppa ikkje er like urovekkjande som me har frykta.

Tilbod til ungdom mellom 18-30 år er det færre av, og her er også deltakinga svakare, samla sett.

Kva ligg bak resultatet?

Ungdomskultur

Me er opptekne av trendar i ungdomskulturen og kyrkjeleg strategi på dette området.

Dei som er tenåringar og unge vaksne i dag veks opp med at mangfald er normalt. Det gjeld både livsstil, identitet og religion. Religionsundervisninga i skulen er orientert mot mangfaldet. Den store sekulære forteljinga om overgang frå tru til vitenskap pregar mange, sjølv om opninga mot mystikk og nærværet av islam også er tydeleg. Ungdom er opne for erfaring, det autentiske og livsnære, men har lausare tilknytning til organisasjonar og institusjonar. Kulturen er individualistisk og relasjonell.

Nokre av dei nyaste trendane er livet som finn stad på sosiale medium, større utfordringar med psykisk helse, mellom anna knytt til prestasjonskultur og perfektjonskrav. Mange unge er travle, med kvardagen fylt av skule og skularbeid, fritidsaktiviteter og stadig aktivitet på mobiltelefonen.

Dette gjev ein dels endra kontekst for kyrkjeleg ungdomsarbeid. Noko av dette inneber positive moglegheiter. Til dømes har kyrkja mykje å bidra med i møte med prestasjonskulturen. Når kyrkjelydane set av ressursar, kan ein også lukkast med å møta relasjonelle behov. Konteksten krev ein god del av forkynning, form på samlingar og stabilitet mellom leiarar og deltakarar, men desse utfordringane er også spennande og kan vera sunne å bryna seg på.

Lokal motivasjon og lokalt ansvar

I kyrkja finst det fortsatt eit sterkt ønske om å satsa på ungdomsarbeid. Eit godt ungdomsarbeid ligg høgt på ønskelista hjå dei fleste sokneråd. Dei som lukkast er stolte og glade. Dei som har små grupper er uroa. Dei som ikkje har tilbod som fungerer leitar etter folk som vil ta ansvar og nye måtar å arbeida på. Dei tilsette kan sjå behovet og ha idear, men vera utfordra på ressursar, tid og prioriteringar.

Me veit frå trusopplæringa at tilbod til ungdom er det vanskelegaste å få til. For mange handlar det om å bygga vidare frå tweens-tiltak til ungdomsarbeid, eller frå konfirmasjonsopplegget til leiarkurs.

Samtidig må kyrkjelydane prioritera. Det har vore viktig å bygga opp trusopplæringa. Nokre stader har det ført til mindre satsing på kontinuerlege tilbod. Desse er likevel også viktige, i seg sjølv og for å gje ungdom ein kristen identitet som får styrkja livet.

Tilsette eller frivillige som har kapasitet til å gå inn i ungdomsarbeid er ein kritisk suksessfaktor. Her er det ei utfordringa at den tradisjonelle stabsstrukturen, med prest, diakon, kateket, dagleg leiar og kyrkjemusikar ikkje inkluderer barne- og ungdomsarbeiderar. Dei andre tilsette kan sjølvsettja av tid til dette og fleire gjer det, men me ser nok i resultatata at der det finst tilsette som har dette som eit hovudfokus, så kjem det andre resultat.

Det trengs også vaksne som kan støtta ungdomsarbeidet på ulike vis. Me har mange erfaringar på at det er svært viktig at ungdom sjølv får ta ansvar – og nokre erfaringar på at ungdom får så mykje ansvar at dei brenn seg ut og må trekkja seg tilbake. Derfor har me også etablert eit tilbod om «rasteplassar» for ungdomsleiarar. Dette har fått gode tilbakemeldingar og held fram.

Bruer mellom sektorar av kyrkjelydsarbeidet

Ei hovudutfordring handlar om overgangane frå ungdomsarbeid til det vaksne fellesskapet i kyrkja. Dette handlar både om mogning av trua, endringar i livsfase, tilknytning til ulike grupper og spiritualitet.

Unge vaksne møter breidda av samfunnet på ein annan måte enn i oppvekstmiljøet. Dei får også andre utfordringar i livet, og treng ei slitesterk og berekraftig tru i møte med dette.

Det er ein stor terskel i seg sjølv å gå frå eit miljø til eit anna. Det er langt frå sjølv sagt at ungdomsmiljøet i ein kyrkjelyd har gode bruer til det vaksne. Ungdom har som sagt meir tilknytning til dei eksisterande relasjonane enn til organisasjonar. Når dei flytter eller blir vaksne, er det ikkje noko sjølv sagt lenke mellom eit ungdomsmiljø og eit gudstenestefelleskap.

Mellom spiritualitet og møteformer i ungdomsmiljøa har det i fleire tiår våre forskjellar frå forma på hovudgudstenesta, så det er heller ikkje noko overrasking at ein del kristne ungdommar søkjer andre kyrkjesamfunn eller organisasjonar der møteformene meir liknar det dei er vane med.

Det siste har vore ei inspirasjonskjelde til at kyrkjelydar i Stavanger bispedømme har ønska større variasjon i gudstenestelivet, og nokre kyrkjelydar, særleg nokre av dei som er etablerte dei siste tiåra, har satsa medvite på dette, i forhold til både musikk og liturgi. Nokre stader finst det G2-gudstenester med ungdom og familiar som målgruppe. Prostane i bispedømmet understreker behovet for eit gudstenesteliv og musikalsk preg i kyrkjelydane som kommuniserer godt med dei som har mest bakgrunn frå ungdomsarbeid og mindre frå tradisjonelle gudstenester.

Vegen vidare

Biletet av situasjonen kan også hjelpe oss å sjå kor utfordringane ligg.

Det gjeld mellom anna dei stadane som står utan tilbod. Sjølv om ikkje alle sokn treng eit eige tilbod, så bør det vera eit kontinuerleg tilbod i regi av kyrkja eller organisasjonane i normal reiseavstand for alle i bispedømmet. På større stader kan det gjerne vera fleire.

Me ønskjer også å fokusera på livstolking og livsmestring i møte med ungdomskulturen. På fagdagen for tilsette som arbeider med ungdom blir dette hovudtemaet i år.

Ungdomsarbeid er eit av satsingsområda i bispedømmet framover. Det har vore tydeleg signalisert mellom leiara i bispedømmet ei stund, men det har teke tid å konkretisera satsinga. I det siste har me henta inn ein person til å følgja opp ungdomsråd og ungdomsting, slik at ungdomsrådgevarer kan fokusera meir på generell ungdomssatsing. I første omgang vil me kartlegga situasjonen, sjå kva som trengst og sjå kva som gjev gode resultat allereie. Satsing på ungdom blir tema på prostibesøk frå kyrkjelydsutviklingsavdelinga og me vurderer ein ungdomskonferanse.

Me ser med interesse på «Kirkens unge», initiativet frå ungdomsorganisasjonane og har avtalt eit møte for å orientera kvarandre og sjå korleis me kan arbeida betre saman.

Me er også opptekne av den samla ressursbruken i kyrkja. Det er prest, diakon, kateket, kyrkjemusikar, administratorar og kyrkjetenarar som er dei best etablerte stillingane i kyrkja. Fleire av desse kan arbeida med kontinuerleg ungdomsarbeid, men har samstundes mange andre oppgåver som tek stor plass. Det er ikkje uvanleg med barne- og ungdomsarbeidarar heller, men desse er ofte avhengige av innsamla middel. Viss kyrkja vil satsa på ungdom, må ein kanskje også sjå på korleis strukturane er lagt opp og kva oppgåver som er prioritert.

Prestetenesta er i mindre grad enn før til stades i ungdomsarbeid, og det er lite strategisk. Det hender me spør oss om me bruker for mykje ressursar på tradisjonelle gudstenester og for lite på nærvær blant ungdom.

Me kjenner til at Agder og Telemark bispedømme arbeider med ein modell for kyrkjeleg ungdomsarbeid og samarbeid med organisasjonane, der gudstenester for ungdom blir eit samlingspunkt, med lenker til ulike aktivitetar. Kanskje kan ein slik modell ha potensiale til å kombinera

det kyrkja og prestetenesta kan bidra med, skapa lenker mellom ungdomsarbeid og den vaksne kyrkjelyden og gje gode rammer for samarbeid med organisasjonane og frivillig arbeid elles i kyrkjelyden? Dette høyrer til det me vil sjå nærare på framover.

Ungdomsdemokrati i 2017

I utviklinga av ungdomsarbeid og kyrkjelydsarbeidet kan også ungdomsdemokratiet vera ein ressurs. Kontakten med ungdom gjev bakkekontakt, resolusjonane plar gje gode innspel til kyrkjelydar, biskop og bispedømmeråd og ungdomsdemokratiet er ein viktig arena for leiartrening og rekruttering.

Verksemda i 2017

Det var 33 delegatar på Ungdomstinget i 2017. Talet på delegatar er relativt stabilt. Til trass for tiltak over fleire år, er eigarskapet til ungdomsdemokratiet i dei lokale kyrkjelydane fortsatt avgrensa. Det eit stort arbeid å rekruttera delegatar, og det krev direkte initiativ og kontakt frå bispedømmet.

I 2017 har Ungdomsrådet (UR) møtt både bispedømmeråd og biskop og drøfta resolusjonane frå ungdomstinget. UT-resolusjonane blei sendt til alle sokn.

I 2017 har Ungdomsrådet arbeidd med to sentrale område. UR ønsker å vera meir synlege for ungdom, ved å delta på arrangement i kyrkjelydane. Hausten 2017 samarbeida ungdomsrådet med Ålgård kyrkjelyd om eit ungdomsarrangement med fokus på misjon.

Ungdomsrådet arbeider også med temafokus, som dei ønsker å tilby inn i eksisterande ungdomsarbeid. Rådet har sett på tema som rettferd, sunne og usunne miljø og trusforsvar.

Vurderingar og vegen vidare

Verken sambandet mellom ungdomsdemokratiet og kyrkjelydane eller mellom ungdomsrådet, biskop og bispedømmeråd er sterkt nok i praksis. Det siste er lettare å gjera noko med enn det første, fordi avstanden mellom rådet og leiinga i bispedømmet er kortare og banda sterkare enn kontakten mellom ungdomsråd og kyrkjelydar.

Me ønsker oss større systematikk og meir dialog mellom ungdomsrådet og leiinga i bispedømmet. Det er ikkje behov for mykje meir innsats eller større strukturendringar for å få dette til, det handlar meir om gjensidige informasjonsrutiner og dialog.

Me ser også at det fortsatt er viktig med god planlegging og motivasjonsarbeid for å styrka ungdomsdemokratiet. Motivasjonsarbeidet er igjen avhengig av at me faktisk klarar vera i breiare dialog med ungdomsråd og ungdomsting, slik at arbeidet der får reell betydning for utviklinga i kyrkjelydane, slik det er tenkt.

Sjølv om me ser utfordringar, så meiner me fortsatt at det arbeidet som faktisk skjer gjennom ungdomsting og ungdomsråd har ein verdi som forsvarer innsatsen. Det er meir dei store ambisjonane om å vera ei kyrkje der ungdom finn plass og blir lytta til i stort format som fortsatt ikkje er realiserte gjennom ungdomsråd og ungdomsting og der desse einskildtiltaka blir små i møte med breidda av utfordringa.

Me vil arbeida vidare med samarbeidstiltak mellom ungdomsråd og kyrkjelydar, som «Surrender Fall» på Ålgård.

Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

1. DIAKONI

Me har samla nasjonale og regionale mål i eit eige underavsnitt om diakoni. Dei nasjonale måla dekker viktige delområde av diakonien i kyrkja, men for å teikna eit meir heilskapleg bilete tek me også med nokre punkt om aktuelle diakonale satsingar.

a) Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni

Nøkkelindikator: **Tal på kyrkjelydar med godkjent plan**

Resultat og utvikling

Talet på kyrkjelydar som har diakoniplanar har i fylgje bispedømmet sin oversikt vore stabilt dei siste åra, med 77 planar. I årsstatistikken verkar det til å ha vore ei underrapportering av talet på planar i 2016. Me ser at det var ei markert auke i planar frå 2009 til 2014, mest i starten, men at utviklinga sidan har stått stille.

Ingen av dei 14 kyrkjelydane som ikkje har diakoniplan har tilsett diakon eller oppretta diakoniutval. Å ha diakon og/eller diakoniutval har mykje å seia for eit strategisk arbeid med diakonale utfordringar i kyrkjelyden. For å få til ein lokal plan, må dei tilsette i soknet eller soknerådet motiverast til å engasjera seg.

Vegen vidare

10 av dei 14 kyrkjelydane som ikkje har plan, er små kyrkjelydar med få tilsette. Til desse kyrkjelydane er det utvikla ein enklare mal for utforming av lokal diakoniplan.

For 2018 har me planlagt fagdagar i utarbeiding av lokale planar i Vindafjord fellestråd og i Rennesøy fellestråd, der me har 10 av dei minste sokna i bispedømmet.

b) Fleire kyrkjelydar blir grøne kyrkjelydar.

Resultat og utvikling

Me har 21 grøne kyrkjelydar, 16 miljøsertifiserte kyrkjelydar og fire miljøsertifiserte fellestråd. Bispedømmekontoret er også miljøfyrtårn. I år fekk bispedømmet ein ny grøn kyrkjelyd.

Kva ligg bak resultatet?

Dei siste åra har det ikkje vore lett å sertifisera fellestråd som miljøfyrtårn eller få fleire kyrkjelydar til å bli «grøne kyrkjelydar». På fagsamlingar for diakonirådgjevarar har me drøfta denne utviklinga. Erfaringa er at i alle bispedømme er det ein nedgang i mengd grøne kyrkjelydar pr. år.

Truleg har dei kyrkjelydane som har hatt personar med sterkt miljøengasjement nytta sjansen mens konseptane var nye. Det trengst einskildpersonar med engasjement for å gjennomføra prosessane.

Situasjonen i samfunnet kan også prega resultatet. Lokale tiltak kan kjennast små i møte med dei store klimautfordringane, slik at den underliggende motivasjonen for å gjera det arbeidet som trengst for godkjenning ikkje alltid er til stades. Det finst nok også ei kjensle nokre stader over at kyrkja sitt miljøengasjement lett kan bli ord som ikkje fører til konkret handling, og at det er vanskeleg å finna konkrete, lokale tiltak som gjev resultat i dei politiske og økonomiske prosessane som påverkar klimaet mest.

Ein viss debatt om kyrkjeleg samfunnsengasjement finst det. I den regionale debatten ser me at det finst ein del klimaskeptikarar også. Oljebransjen verkar delt mellom klimaskepsis, lobbyverksemd for

gode rammevilkår for oljeverksemd, ønske om miljøvennleg oljeutvinning og satsing på fornybar energi.

I stort opplever me brei tilslutning i kyrkjelydane til miljøengasjement. utfordringa er å konkretisera engasjementet.

Vegen vidare

Me ser fram til lanseringa av det nye tiltaket «Grøn kyrkje - Miljøleing i praksis». Dette vil me vera med på. Me håpar dette kan bidra til fornying.

Me ser også på om kyrkjelydane er grøn kyrkjelyd på visitas. Me ser at forankring i soknerådet er viktig for å lukkast.

I tillegg er me i dialog med Kirkens nødhjelp om dette arbeidet kan styrkast gjennom samarbeid mellom KN sine kyrkjelydskontaktar og kontaktpersonar for grøn kyrkjelyd.

c) Diakonale fokusområde i 2017

Tiltak for flyktningar, innvandrarar og asylsøkjjarar

Det har blitt etablert mange tiltak for flyktningar, innvandrarar og asylsøkjjarar dei siste åra. Her finst det mange arbeidsformer i kyrkjelydane: Språkkafear, kvinnegrupper, tolketenester på gudsteneste, norskurs, ALPHA-kurs, leksehjelp, treningstilbod, hobbykveldar for innvandrarar, samarbeid med NAV om integreringsprogram og religionsdialog.

Fleire av desse aktivitetane skjer i samarbeid med KIA Rogaland. Mange av flyktningane og asylsøkarane har nærma seg kyrkjelyden gjennom desse aktivitetane.

Samarbeid mellom kyrkja og helsevesenet

Det finst eit «Samhandlingsforum for kyrkje og helse» i bispedømmet. Forumet stimulerer til lokale tiltak og støttar opp om desse. Det arrangerer konferansar og samlingar for å auka kompetansen i kyrkje og helsevesenet og gje grunnlag for samarbeid. Det finst fleire samarbeidsprosjekt mellom kyrkje og kommune. Til dømes har kyrkja i Haugesund utvikla eit kurs for tilsette i helsetenesta om "Eksistensiell og åndeleg omsorg for alvorlig sjuke og døydne, i kommunehelsetenesta"

På ein av visitasane i haust såg me eit godt eksempel korleis god kontakt mellom prestetenesta og eit lokalt omsorgssenter møtte åndelege behov og var til hjelp i omsorg og behandling. Dei tilsette ved omsorgssenteret rapporterte at etter ein samtale med presten var det ikkje sjeldan at bebuarane blei rolegare. Kontakt med kyrkja kunne løysa psykiske utfordringar.

Forebygging og handtering av seksuelle krenkingar

I 2017 og 2018 er også kurs i forebygging og handtering av seksuelle krenkingar eit satsingsområde. I løpet av perioden vil alle prosti ha gått gjennom eit kurs for tilsette og frivillige medarbeidarar. Heftet "Kyrkjens samtalar med barn og unge" er ein ressurs i dette arbeidet. Målet med kurset er å førebyggja og gje klare rammer for korleis saker skal handterast. Kurset verkar også positivt som generell leiartrening og kvalitetsarbeid.

Planar for krisearbeid i kyrkjelydar og kommuner

Kyrkjerådet sende i 2016 ut malar for å skriftleggjera samarbeidet mellom kyrkja og kommunar om psykososial omsorg ved større kriser og ulukker. Dette har me arbeidd systematisk med å følga opp. Pr. i dag finst det tre lokale kommunale avtalar (Stavanger, Sola og Time), og fleire kommunar er i prosess med å underteikne planane. Me har også kontakt med det felles helsefaglege krisetimet for legevakta i Stavangerregionen.

2. KYRKJA BLIR MEIR TILGJENGELEG PÅ INTERNETT

Nøkkelindikator: **Talet på treff på nettsider**

Resultat og utvikling

I 2017 var det 26 864 økter på www.kirken.no/stavanger. Det var ein liten nedgang frå 2016, då det var 28 963 treff på sidene. Det vil seie litt meir enn 70 treff pr. dag.

Dei fire sakane som skil seg ut i både likes på Facebook og visningar på nettstaden i 2017 er «Kopervik kirke ble vigslet» (nådde 10.000 på Facebook) og «Med hjertet i menighetene» - intervju med Ivar Braut (nær 7.000 nådde på Facebook), «Håper på ro og gjensidig respekt» - intervju med bispedømmeråds-medlemmer etter Kyrkjemøtet (4.500 på Facebook) og «Jeg er glad for at en vanlig mann som meg kan bli prest» - intervju med Lars Lauvvik Ørland (nær 4.000 nådd på Facebook). Saker om personar og tema som engasjerer i lokalmiljøet er dei som skapar mest aktivitet på både nettsider og Facebook.

Kyrkjebakken er komen i bruk hjå nokre fleire fellestråd i 2017, mellom anna nokre av dei største, slik at eit fleirtal av dei tilsette nå har tilgang. Mange mindre fellestråd har ennå ikkje registrert seg, og den daglege bruken blant dei som har tilgang er ennå ikkje stor nok til at bispedømmet kan bruke intranettet som hovudkanal for interninformasjon. Det betyr at fleire saker blir lagt både på inter- og på intranett, og at det fortsatt trengst e-post for å sikra at informasjon kjem fram.

Vurdering av resultatet

Samanlikna med 2015 har me gode tall for nettsida, samstundes som Facebook veks. Derfor reknar me målet for 2017 på dette området for nådd.

Kva ligg bak resultatet?

Nettsidene våre er fortsatt delvis retta mot tilsette, og den daglege bruken av dei er nok mest frå denne gruppa. Likevel vil nettsidene våre fortsatt vera ein sentral kommunikasjonskanal mot både offentlighet, medlemmer og medarbeidarar. Media plukkar nokre gongar opp saker frå nett og facebook.

Vegen vidare

Me satsar fortsatt på systematisk på kommunikasjonsarbeid og på å publisera saker på nett som me trur er både nyttige og engasjerande. Me har og fått god trafikk på nettstaden gjennom Facebook. Facebook-sida «Stavanger bispedømme» auka frå 300 til 400 følgjarar i 2017. Den genererer det meste av trafikken inn til nettstaden som ikkje er interninformasjon til tilsette.

Både sokn og fellestråd etterspør kompetanse frå bispedømmekontoret når det gjeld kommunikasjonsplanar, nettsider, intranett og sosiale medium.

I 2018 skal me fortsatt satsa på vekst og ei kvalitativ styrking av dette området. Som kyrkje ønsker me å vera ein naturleg del av folk sitt digitale liv. Dette krev ressursar, personell og medviten satsing på komplekst, stort og veksande område.

3. FLEIRE KYRKJELYDAR ER ENGASJERTE FOR MISJON

Mål: Fleire kyrkjelydar blir engasjerte for misjon
Indikator: Talet på kyrkjelydar med misjonsavtale

Resultat og utvikling

Ved utgangen av 2017 var det 130 misjonsavtalar i Stavanger bispedømme. 104 av desse er innan ramma av «Samarbeid Menighet og Misjon» (SMM). Dette er ein nedgang på tre avtalar totalt, men ein oppgang i tre SMM avtalar frå året før.

Alle kyrkjelydane i bispedømmet har minst ein misjonsavtale, men 13 kyrkjelydar har ikkje SMM-avtale. Av dei 104 SMM-avtalane, er det ni som det ikkje er innrapportert nokon finansiell stønad til organisasjonen det gjeld for.

I 2017 har me også fått nokre nye misjonsavtalar for ungdom, inkludert opplegg for å skapa medvit og eigarskap til avtalen.

Vurdering av resultatet

Engasjementet for misjon i Stavanger bispedømme er sterkt. Talet på misjonsavtalar har vore stabilt dei siste åra, og det er fleire sterke og fruktbare misjonsavtalar som er til styrke for både kyrkjelyden og organisasjonen dei støttar.

Samstundes er det verd å leggja merke til at statistikken tydeleg viser at det er eit potensial for auke i avtalar knytt til SMM. At det også er fleire SMM avtalar som ikkje har innrapportert finansiell stønad i 2017 kan vitna om at nokre av avtalane ikkje er særleg aktive.

Kva ligg bak resultatet?

Me har hatt fokus på kompetanseheving for ungdom og ungdomsleiarar. Misjon var tema på ungdomstinget og på eit større lokalt arrangement.

Me har også hatt fokus på betre utforming og oppfølging av avtalane. Organisasjonar som har prioritert dette har merka ein auke i både engasjement og resultat.

Vegen vidare

Framover vil me arbeida for fleire SMM-avtalar, misjonsavtalar for ungdom og med kvaliteten på avtalane. SMMS er eit viktig organ for kontakt med organisasjonane og erfaringsutveksling mellom dei på korleis avtalane kan handterast og bera frukt.

Nærleik til prosjekta, lokalt fokus og eigarskap er viktig for velfungerande avtalar. Me arbeider også med å oppdatera avtalar og med endringar av avtalar, når det kan gje betre resultat for både kyrkjelyd og organisasjonane.

Det er ikkje vanskeleg å finna meining i SMMS-arbeidet. Aktivt misjonsengasjement har eit sterkt potensial til å styrka det generelle kyrkjelydsarbeidet, og samarbeidet mellom kyrkja og misjonsorganisasjonane er viktig for begge partar.

4. FLEIRE TEK DEL I PILEGRIM SARBEIDET

Nøkkellindikator: Tal på arrangement og deltaking.

Resultat og utvikling

| Pilegrimsarbeid | | | | |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Arrangement | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Lokale pilegrimsvandringar | 20 | 30 | 14 | 19 |
| Deltakarar | 550 | 706 | 514 | 446 |
| Pilegrimsgudstenester | 10 | 10 | 6 | 5 |
| Deltakarar | 381 | 324 | 510 | 319 |
| Andre pilegrimsarrangement | 10 | 0 | 3 | 4 |
| Deltakarar | 220 | 0 | 70 | 240 |
| Pilegrimsarrangement totalt | 40 | 40 | 23 | 29 |
| Deltakare på pilegrimsarrangement, totalt | 1151 | 1030 | 1094 | 1005 |
| Tal på prosti med pilegrimsarrangement | 8 | 8 | 8 | 8 |

Tala på pilegrimsvandringar og deltakarar er nokså like frå år til år. 2015 var det året med mest aktivitet. Frå 2016 til 2017 har det blitt fleire vandringar og gudstenester, men færre deltakarar. Det er snakk om eit avgrensa volum, så det er naturleg med svingingar.

Det blir arrangert faste, kortare vandringar i fleire av prostia. Dei faste, lengre vandringane frå Egersund til Stavanger og frå Stavanger til Røldal har vore fullteikna dei siste åra.

Gjennom heile 2017 har det vore arbeidd mykje med Kystpilegrimsleia. I desember 2017 blei ho offisielt godkjent som nasjonal Olavsveg til Nidaros og som «Europeisk kulturveg». I vårt bispedømme er fire kyrkjer og det stille rommet i Obrestad fyr valde som nøkkelstader langs leia. Det har derfor blitt arbeid med korleis kyrkja skal ta imot pilegrimane som reiser langs kystpilegrimsleia. Det krev opne og tilgjengelege kyrkjer og planar for kva me kan tilby dei pilegrimane som kjem.

Vurdering av resultatet

Pilegrimsarbeidet er framleis ei nysatsing. Me ser eit potensiale for at pilegrimsarbeidet kan inkludera nye menneske i kyrkjeleg verksemd, men det er framleis eit stykke til dette når mange. Det er etablert ein del faste tiltak som er blitt stabile, men viss målet om å møta menneske sin lengt med denne arbeidsforma skal bli nådd i større skala, er det truleg behov for strukturar og lokalt engasjement som gjer eit større volum mogleg.

Arbeidet med Kystpilegrimsleia er eit større prosjekt, som me håpar kan styrka pilegrimsrørsla og det kyrkjelege nærværet i denne.

Vegen vidare

Kvaliteten på opplegg og lokale vandringar blir stadig betre. Me ser at det skjer mykje godt arbeid innan dette feltet gjennom dei ulike pilegrimsutvala i bispedømmet.

Me vil føra vidare utviklinga av tiltaka som fungerer: Pilegrimsforum, langvandringar til Stavanger domkyrkje og Røldal, Kystpilegrimsleia i Rogaland og lokale vandringar.

«Sansen for det hellige»-prosjektet vil også vera ein ressurs i pilegrimsarbeidet.

Me opplever at pilegrimsarbeid er strategisk i ei tid då den religiøse lengsla er tydeleg, men kor mange kanskje ikkje finn si plass i kyrkja. Pilegrimsarbeidet er oppe i inngang og tydeleg i målet.

5. STYRKA KYRKJA SIN INNSATS I DIALOGARBEIDET

Nøkkelindikator: Talet på møtepunkt der kyrkja er med

Om Kirkelig Dialogsenter.

Kirkelig Dialogsenter er kyrkja sitt arbeid for å fremma trusdialog, vennskap og kjennskap på tvers av livssyn. Senteret har som føremål å skapa møteplasser, aktivitetar og prosessar for dialog og samhandling mellom trus- og livssynssamfunn i Stavanger og Rogaland. Det går inn i religionsmøte forplikta på likeverd, med basis i kristen kontemplativ, diakonal og solidarisk praksis.

Kirkelig Dialogsenter vil bidra til å utvikla ein folkeleg og fagleg forankra trus- og livssynsdialog og arbeider for å forsterka dialogen mellom kyrkje og samfunn. Det legg respekt, openheit og fellesskap på tvers av religion og livssyn til grunn, forankra i kyrkja si tru og vedkjenning.

Senteret i Stavanger blei oppretta i 2012. Samarbeid mellom bispedømmet og Dialogsenteret er forankra i årsplanen. I 2016 gjorde Kyrkjemøtet vedtak om satsing på dialogarbeid i alle bispedømme.

Resultat 2017

I 2017 har Dialogsenteret samarbeida nært med lokale kyrkjelydar på sentrale stader i bispedømmet. Det finst nært og konkret samarbeid med Domkirken, St. Petri og St Johannes og kyrkjelydane i Haugesund og Eigersund.

St. Petri har dialogmesser ein gong i månaden. Domkyrkja har faste samlingar med kristen meditasjon i bispekapellet. For andre gang blei det halde fredsmåltid under gladmatfestivalen i Stavanger.

Samarbeid og dialog med ulike trus- og livssynssamfunn skjer i stor grad saman med Samarbeidsrådet for Tros- og Livssynssamfunn (STL) i Stavanger-regionen. I 2017 har det vore fire opne dialogkveldar med ulike tema og seks opne seminar. Det har blitt satsa mykje på den bilaterale dialogen mellom kyrkja og muslimane, der «Kyrkja møter moskéen», faste møtepunkt mellom ei gruppe prestar og imamar finn stad fire gongar i året. Dialogprest og imam har vore på fleire samlingar i kyrkjelydar og hjå andre aktørar, der dei saman har presentert forskjellar og likskap mellom islam og kristendom.

Samarbeid og dialog med nyåndelege miljø finn jamt stad, gjennom Alternativmesser, seminar og kurs. Prosjektet «Unge i Dialog» har i praksis blitt eit fast tiltak, med mange skulebesøk og ulike tilbod for studentar.

Mykje av verksemda har kome inn i ein fast rytme, mens andre tiltak er nye. Dei faste, opne aktivitetane i Dialogsenteret har festa seg som viktige tilbod for ei veksande gruppe menneske. Utviklinga fra 2012 har vist en jamn vekst, både i forhold til økonomi, stillingsressurs (fra 50% til 150% stilling) og samarbeid med kyrkjelydar, trus- og livssynssamfunn og andre aktørar.

Vurdering av resultatet

Dialogsenteret har hatt et godt år med høgt aktivitetsnivå. Verksemda er stabil og veks. Dialogsenteret er ein viktig aktør i regionen.

Vegen vidare

Dialogsenteret vil framleis utvikla betre dialog og djupare forståing mellom ulike religionar og livssyn, basert på toleranse og respekt. I vår tid er dialogarbeid ei av kyrkja sine viktige oppgåver.

Dialogsenteret vil saman med andre byggja det livssynsopne mangfaldssamfunnet i bispedømmet.

Framover vil dialogsenteret satsa på jamn aktivitet i heile bispedømmet. Det er eit mål å styrka det lokale dialogarbeidet i kyrkjelydane.

6. DEN NORSKE KYRKJA SKAL VERA ORGANISERT I SAMSVAR MED DEMOKRATISKE PRINSIPP OG VERDIAR

Nøkkelindikator: Valdeltaking og kjønnsfordeling i valde råd

Det er ikkje nytt kyrkjeval før i 2019. Den demokratiske verksemda i bispedømmet og sokna er i normal drift. Bispedømmerådet vil som vanleg bidra i planlegging av kyrkjevalet i 2019 og utviklinga av kyrkja si organisering.

Stavanger bispedømmeråd 2016-2019 består av fem kvinner og fem menn. I sokneråda i bispedømmet er det 53 % kvinner og 47 % menn. Valordninga verkar altså tilstrekkeleg til å sikra kjønnsbalanse.



Ungdomsrådet 2017-2018.

Fleire får lyst til å jobba i kyrkja

1. REKRUTTERINGA TIL VIGSLA STILLINGAR BLIR STYRKA

Mål: Ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje.

Indikatorar: Kyrkjelege handlingar pr. prest
Prestedekning
Utlysing, søknadar og tilsettingar i prestetenesta
Alderssamansetning og stillingskategoriar
Talet på vigslingar.

Rekruttering og bemanning i prestetenesta

Resultat

Talet på medlemmar pr. prest i Stavanger bispedømme er det nest høgaste i Den norske kyrkja. Talet på kyrkjelege handlingar pr. prest er det markert høgaste. Når me i tillegg veit at det er mange kyrkjelydar som har høgt aktivitetsnivå i bispedømmet, så fortel dette at det er svært høgt press på prestetenesta i bispedømmet.

Det er ingen stillingar i bispedømmet som manglar søkarar. Rekrutteringssituasjonen er likevel annleis enn for nokre år sidan. Det er ikkje like stor konkurranse om stillingane. Nokre stader har det vore vanskeleg å finna søkarar som ein ser vil kunne møta dei aktuelle oppgåvene på ein trygg og god måte, men dette har lukkast til slutt. Til dels heng situasjonen saman med aktivitetsnivået. Dei fleste stillingane krev relativt sett høg kompetanse og kapasitet.

Balansen mellom ressursar brukt på administrasjon og presteskap ligg på det nasjonale gjennomsnittet.

Det var åtte utlyste stillingar i 2017. Prestane i bispedømmet er altså relativt stabile. Me ser at sokneprestar sjeldnare enn før søker ny stilling. Bare 2 av 44 søkarar i fjor var allereie tilsett i bispedømmet. Det er stort sett ved pensjon prestar avsluttar tenesta.

Nær 2/3 av prestane i bispedømmet er over 40 år, og over ein av tre er over 60 år. Bispedømmet har det eldste presteskapet i landet, og vil ha stort behov for nyrekruttering i tida framover.

Sju nye prestar blei vigsla til presteteneste i 2017. I rapporteringsperioden var det ikkje vigslingar til andre stillingsgrupper.

Det er framleis utfordrande for fellesråda å rekruttera kateketar, diakonar, kantorar og trusopplærarar. Det er ikkje alltid det er mogleg å tilsetta søkarar med fullført formelt kvalifikasjonsløp.

Kva ligg bak resultatet?

Den ytre arbeidsmengda pr. prest heng saman med gudstenesteforordning, kyrkjelege handlingar i soknet, trusopplæring og anna kyrkjelydsbyggjande arbeid. Dette blir løyst innan dei tildelte rammene. Det er eit stort ønske i sokna og blant prestane om meir ressursar til disposisjon. Det handlar både om ønsket om å nå lengre som kyrkje, etterspurnad etter presten i kyrkjelydane og personalmessige omsyn.

Prestane i bispedømmet er erfarne, engasjerte og har stor arbeidskapasitet. Biletet av ressursituasjonen samsvarer med det me høyrer frå prostar og prestar, at intensiteten i arbeidet er ei jamn utfordring i kvardagen.

Den auka stabiliteten i presteskapet har skjedd parallelt med opphevinga av buplikta og utflytting frå prestebustadane.

Me har nå to års erfaring med arbeidstidsavtalen for prestar. Inntrykket vårt er at det let seg gjera å utføra dei grunnleggjande presteoppgåvene i soknet innanfor denne, og me støttar intensjonane og mange av rammene i ordninga. Samtidig ser me at prestetenesta ikkje har kapasitet til å løysa alle oppgåver dei tidlegare rakk over. Prestane opplever eit høgare trykk, behov for strammare prioritering og at oppgåver må løysast på kortare tid enn før.

Me trur derfor at det stemmer at prestar tidlegare ofte arbeidde meir enn normal arbeidsveke. Dei fleste har arbeidd noko meir og nokre har arbeidd mykje meir, slik at det har blitt litt mindre tilgang på presteteneste i sokna etter innføringa av ordninga.

Ei viktig målsetting for den nye arbeidstidsordninga for prestar var å sikra ein føreseieleg arbeidskvardag. Det har eit potensial til å verka rekrutterande på yngre prestar. Me legg merke til at mange prestar er glad for ordninga. Mange har også brukt lang tid på å gjera seg kjent med avtaleverket og kva fylgjer det får i arbeidskvardagen. Prostane har eit stort ansvar i oppfølginga og dei økonomiske utslaga ordninga får.

Det er ikkje grunnlag for å seia at dei yngre prestane innordnar seg den nye arbeidstida på ein betre måte enn dei eldre, og me ser at opplæring i datasystem og avtaleverk slår ulikt ut i alle aldersgrupper.

Me har tradisjon for å legga til rette for at kantorar, diakonar og kateketar skal bli vigsla, og har fylgt denne gruppa godt opp i forhold til dette gjennom mange år. Det er stor stabilitet i stillingane til dei som er vigsla tilsette i desse gruppene, noko som viser verdien av gode kvalifikasjonar og vigsling. Me har framleis fokus på dette for dei som sit i stillingar og ikkje er kvalifiserte. Tilboda om kvalifisering har blitt noko betre i det siste, men det er framleis behov for nasjonalt fokus på gode rammer for å ta vidareutdanning til å bli kateket, diakon eller kantor for dei som ikkje er ferdig utdanna.

Fleire kantorar enn før har orgelelevar. Konseptet med «orgelklubb» for born er også ein suksess. Me ventar den auka interessa vil kunne gjera det lettare å rekruttera kvalifiserte kyrkjemusikarar på sikt. I 2017 har 11 av kantorane meldt inn at dei til saman har 28 elevar. Fleire stader er det samarbeid mellom Kyrkjeleg Fellesråd og kulturskulen om orgelelevane.

Det er få teologistudentar på VID Misjonshøgskulen. Det er ei utfordring for rekrutteringa til presteteneste i bispedømmet, saman med den felles mangelen nasjonalt på nok studentar til å erstatta prestar som sluttar.

Vegen vidare

Behovet for satsing på rekruttering er tydeleg.

Framover ønsker me å motivera og legga til rette for at lokalt tilsette kan arbeida målretta og systematisk med rekruttering lokalt. I dag kan rekruttering fort bli gløymt eller bli ein salderingspost. Dette handlar også om at dei tilsette bør vera til stades der ungdom er.

Me vil delta på yrkesmesser og karrieredagar, gjera leiarar i kyrkja medvitne om rekrutteringsutfordringane og delta aktivt i det nasjonale samarbeidet om rekruttering. Me vil halda fram med god personalpolitikk, fokus på vigsling og vidareutdanning for diakonimedarbeidarar, kyrkjemusikarar og kyrkjelydspedagogar, og me samarbeider med VID om eit utdanningsløp for trusopplærarar.

Me vil også ha fokus på kvinner som studerer teologi på VID. Forum for teologistudentar og arbeidet med Vegen til presteteneste held fram, i gode spor. Me har også vore med i prosess med revisjon av teologistudiet på VID, og vil legga godt til rette for praksis i kyrkjelydar, for å styrka studentane sin kjennskap til Den norske kyrkja og motivera dei til presteteneste. I dag har mange teologistudentar

bakgrunn frå andre miljø enn våre kyrkjelydar, noko som aukar behovet for å tilføra kyrkjeleg erfaringskompetanse.

Me er fortsatt i det raude området av risikovurderinga. Rekrutteringsutfordringane krev at me frigjer ressursar til å arbeida meir med dette.

Bispedømmet har tilstrekkeleg presteressurs til å utføra kjerneoppgåvene i tenesteordning for kyrkjelydsprestar i sokna i bispedømmet. Det er likevel eit sprik mellom det opplevde behovet for presteteneste i sokna og tilgjengelege ressursar til å utvikla kyrkjelydane vidare. Me er avhengige av dyktige og engasjerte prestar som er kompetente, fleksible og gode til å navigera klokt i møte med ulike forventningar.

2. FLEIRE BLIR ENGASJERT I FRIVILLIG TENESTE I KYRKJA

Nøkkelindikator: Tal på frivillige

Resultat og utvikling

| Frivillige 2014-2017 | | | | | | | | | | |
|----------------------|---------------|--------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------|
| Prosti | Medl. | Totalt | Gudst | Barn | Unge | Diak. | Kult. | Utv. | Anna | % av medl |
| Sum 2017 | 336924 | 13928 | 5703 | 3600 | 2340 | 2452 | 1665 | 2481 | 2587 | 4,1 % |
| 2016 | 339 K | 14166 | 5712 | 3709 | 2291 | 2530 | 1352 | 2532 | 2665 | 4,2 % |
| 2015 | | 13452 | 5716 | 3664 | 2237 | 2769 | 1346 | 2606 | 922 | 3,9 % |
| 2014 | | 13160 | 5597 | 3596 | 2186 | 2193 | 1116 | 5232 | 2676 | - |

Samla sett er det registrert 1,7 % færre frivillige i 2017 enn i 2016. Nedgangen er mindre enn nedgangen i gudstenestedeltaking.

Det er flest frivillige i gudstenestearbeidet. Elles er det også mange frivillige i barne- og ungdomsarbeid. Det er ein vekst i talet på frivillige innanfor kulturarbeid.

Stavanger bispedømme har samla sett og innanfor dei fleste områda flest frivillige av bispedømmet i Den norske kyrkja.

Kva ligg bak resultatet?

Bispedømmet er prega av ein kultur for frivillig medarbeidarskap. Å rekruttera og leggja til rette for frivillig teneste er nærmast eit dagleg fokus for dei fleste grupper av tilsette i kyrkjelydane.

Mange snakkar om at behovet for frivillig teneste vil auka. Samtidig snakkar også mange om at det er vanskelegare å rekruttera frivillige til faste og forpliktande langsgående oppgåver. Dette er kjent som ein generell trend i samfunnet, og den ser me også tydeleg i kyrkja. Dette handlar ikkje bare om motivasjon, men også om samfunnsutviklinga, om kva tid deltaking i arbeidslivet og ulike omsorgsoppgåver tek for store grupper, om fellesskap som blir digitalisert og om kulturelle ideal om reiser, hytteliv, tv-serier og oppussing.

Det er derfor ei svært sentral, men ikkje enkel oppgåve for sokna å styrka den frivillige tenesta. Aktiviteten er høg, men ambisjonane er ennå høgare og behova store.

Mykje av dette handlar om samspel mellom dei tilsette og dei frivillige. Sjølv om mykje fungerer godt, veit me mange tilsette synest rekrutteringsarbeidet er utfordrande og til dels vanskeleg. Blir det nok brannvakter til Lys Vaken? Får me nok leiarar på konfirmantarbeid? Vil nokon lesa teksten og styra

videokanonen i påska? Kven vil stilla til neste periode i soknerådet? Kva skjer når leiarane i søndagsskulen melder at dei slutter?

Dei frivillige har også avgrensa kapasitet. Å bli spurt om meir enn ein kjenner ein har tid til, eller om oppgåver ein ikkje trur ein vil trivast med, kan vera ei belastning og kan i verste fall gå ut over lojaliteten til kyrkjelyden.

Å arbeida med frivilligheit krev derfor både god organisering og god relasjonskompetanse. Hausten 2017 var me medarrangør, saman med Sandnes kirkelige fellesråd og Gand menighet, av ein frivilligheitskonferanse der me sette fokus på dette. Me ser potensial for å heva kvaliteten i rekruttering til og leiing av frivillig arbeid, sjølv om mykje er godt allereie.

I mange år har det vore vekst av talet på frivillige innan trusopplæring. Nå har alle sokn godkjent plan og er over i driftsfase. Me ser at veksten flatar ut. Det har truleg vore lettare å rekruttera i til eit nytt prosjekt, og mange av dei mest interesserte har meldt seg på, slik at potensialet for vekst ligg i å motivera nye til å ta del.

Me ser ein samanheng mellom diakonstillingar og talet på frivillige. Tilsette utløyser auka frivillig teneste. Nedgangen i talet på frivillige innanfor diakoni heng truleg saman med at flyktningekrisa ikkje er like påtrengande nå.

Vurdering av resultatet

Ovanfor har me skildra nokre av utfordringane. Det gjev ennå større grunn til å gle seg over resultatet. Kyrkja er prega av stort og sterkt frivillig engasjement. Slik kyrkja er tenkt, teologisk, organisatorisk og strategisk, er ho også ein stor frivillig organisasjon. Det er ein grunnverdi at me skal vera ei tenande, misjonerande og open kyrkje. Gjennom frivillig medarbeidarskap realiserer me det. Det skjer i stor grad i praksis.

Vegen vidare

Stephen Sirris har forska på frivillig medarbeiderskap og funne ut at det er viktig at fleire tilsette og leiarar har fokus på frivillige medarbeidarar. Det er ikkje nok at ein frivilligheitskoordinator får heile ansvaret for dette. Dette heng saman med at frivilligheit handlar om relasjonar. Det er avgrensa kor mange kvar leiar kan ha relasjonar til, så det trengst fleire som representerer kyrkjelyden, rekrutterer og fylgjer opp.

Jørpeland kyrkjelyd arbeider med å tydeleggjera frivillige som leiarar for ulike sektorar i kyrkja. Vågsbygd menighet i Agder og Telemark har gjort det same, og orienterte om dette på frivilligheitskonferansen. Me ser behovet for at fleire av dei frivillige får leiaroppgåver og trur at meningsfulle og utfordrande oppgåver også kan fungera rekrutterande. Slike strukturar vil me undersøka nærmare.

Til dømes er me i startfasen på eit prosjekt, 200+, der me vil arbeida saman med nokre av dei største kyrkjelydane i bispedømmet. Når eit gudstenestefellesskap blir så stort at det begynner å bli uoversiktleg, og verksemda blir så stor at leiinga i kyrkjelyden langt frå kan ha kontakt med alle, så blir det behov for å bygga opp strukturar som gjer at kyrkja kan veksa vidare. Det handlar om både leiing, kvalitet på storsamlingar og tilbod om mindre grupper innan kyrkjelyden der folk kan kjenna dei høyrer til.

I samarbeid med SMMS ser me også på «Use Your Talents», eit konsept frå Madagaskar, der ein i staden for å begynna med oppgåver som skal fyllast, ser på kva ressursar kyrkjelyden faktisk har og tek utgangspunkt i dei. Søsterkyrkja vår har vist dei kan dei svært gode resultat gjennom dette. Litt av poenget hjå dei har også vore å sjå kva kyrkja kan bety for utvikling i lokalsamfunnet. Det ser me også

hjá oss. Kyrkjelydar som engasjerer seg diakonalt og blir møteplassar i lokalsamfunnet har gode føresetnader for vekst.

I samband med frivilligheitskonferansen utvikla også to av medarbeiderane på kontoret eit konsept om oppfølging av frivillige, som har blitt populært og som det er vanskeleg å dekkja etterspørselen etter. Men nokre stader får besøk i løpet av året.

Frivilligheit handlar også om identitet. Gjennom forkyning og eksempel kan leiarar i kyrkja, formelt og uformelt, teikna biletet av at å vera kyrkjemedlem og menneske er meir enn å vera passiv mottakar. Det er å høyra til eit fellesskap med eit oppdrag i verda.

Me trur ikkje vekstpotensialet for frivilligheit ligg i å gje folk oppgåver som blir ei byrde. Det er viktig å opptre høfleg når ein spør, finna oppgåver som passar, gje ryddige rammer og gode planar, takka og tilby teneste i rammer av eit fellesskap. Samtidig er det viktig å gje menneske ein identitet som bidragsytar i kyrkja. Å handtera dette er ein del av kvardagen for dei fleste lokale kyrkjeleiarane i bispedømmet, og nær 14000 frivillige på 92 sokn tyder på at mykje av dette arbeidet lukkast.



Kirsten Lædre har vore aktivt med i Eigerøy menighet heilt sidan starten i 1994. Ho er frivillig klokkar i kyrkja. Foto: eigersund.kirken.no / Arne Espeland

C: Område Kyrkjerådet ønsker særleg rapportering på

1. Samarbeid mellom skule/barnehage og kyrkje

De fleste sokna i Stavanger bispedømme har eit godt samarbeid med skulane og barnehagane i soknet. Samarbeidet bidrar til å styrka borna sin kunnskap om kristen tru. Skulen sin undervisning er eit viktig kunnskapssupplement til trusopplæringa i kyrkja.

Resultat og utvikling

| | 2017 | 2016 | Endring |
|---------------------------------------|-------|-------|---------|
| Skulegudstenester | 259 | 269 | - 4 % |
| Deltakarar på skulegudstenester | 67776 | 67035 | + 1% |
| Klassar på skulebesøk i kyrkja | 303 | 314 | - 4 % |
| Klassar med besøk frå kyrkja i skulen | 317 | 215 | + 1 % |
| Besøk frå barnehagar i kyrkja | 521 | 447 | +17 % |
| Besøk frå kyrkja til barnehagar | 165 | 150 | +10 % |

Me ser av tala at det har vore nokre færre skulegudstenester i 2017 (259 skulegudstenester) enn i 2016 (269 skulegudstenester). Det ser ut som skulegudstenester først og fremst fell bort når skuleleiarar ikkje ønsker å fortsetta samarbeidet med kyrkja.

Til trass for nedgangen på skulegudstenester ser me at talet på dei som har delteke på skulegudstenestene har auka frå 67035 i 2016 til 67776 i 2017. Ei forklaring på dette kan vere at nokre skular har samla fleire skuletrinn på færre gudstenester.

Ut frå tala kan me også sjå at det har vore ein liten nedgang i talet på klassar som har vore på skulebesøk i kyrkja (frå 314 i 2016 til 303 i 2017). Samstundes er det ein stor oppgang i talet på klassar som har hatt besøk frå kyrkja i skulen (216 i 2016 og 317 i 2017). Det viser at mange skular og barnehagar vil ha kontakt med kyrkja, og ser kyrkja som ein ressurs inn i det faglege arbeidet.

Skulen sin økonomi kan påverka moglegheita til å reisa på kyrkjebesøk, så det kan vera ei årsak til nedgangen her. Det krev meir av skulen å koma til kyrkja enn motsett. Tendensen er ikkje ønskeleg. Kyrkja og kyrkjerommet er ein stor ressurs, og det er noko anna å koma til kyrkja og få undervisninga der, enn å vera i eit klasserom.

Det er ein oppgang i talet på besøk frå barnehagar i kyrkja (+ 17%), og i besøk frå kyrkja til barnehagane (10%). Dei siste åra har det vore auka fokus på å gje tilbod til barnehagane.

Tiltak og rolleforståing

Det er særleg på visitasane at bispedømmet har kontakt med skulane og barnehagane. Nokre gongar er det møte med leiarane, andre gonger er det med alle dei tilsette, eller alle borna/elevane. Dette er viktige møtepunkt, som gjev biskopen eit godt bilete av situasjonen lokalt, motiverer til samarbeid og støtter opp om ei god rolleforståing for skule og kyrkje.

At skulen legg til rette for fritaksrett og alternative opplegg er også viktig for kyrkja, sjølv om alle er velkomne i kyrkja og skal bli møtt med respekt der. Når kyrkja opptre i regi av skulen, er me klare på at kyrkja skal opptre innan skulen sine rammes om å ikkje forkynna, men bidra til kunnskap og forståing. På gudstenester er det skulen som kjem til kyrkja. Gudstenesta skal som alle andre tilpassast dei som kjem, men er ei ekte gudsteneste der dei som er til stades kan venda seg til Gud.

Det er tydelig interesse for samarbeid frå både kyrkje og skule. Mange rapporterer om at elevar med ulik bakgrunn ynskjer å delta på tiltaka i samarbeidet mellom skulen og kyrkja. Det er særleg elevar

med bakgrunn frå Human-etisk forbund som ikkje ønsker å delta, mens muslimar gjerne deltek på tiltaka i kyrkje-skule samarbeidet.

Gjennom kontakten med skular og barnehagar, og gjennom det me ser om oppslutninga i statistikken, er det tydeleg at dei fleste fortsatt ønsker skulegudstenester. Så lenge kyrkja er ryddig i si rolleforståing, kan me trygt halda fram med å invitara til skulegudstenester og kyrkje-skule-samarbeid. Me vil fortsatt arbeida for at dette skal tryggast som tradisjon for skulane.

2. Barne – og ungdomsarbeid i kyrkjelydane

Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane består av trusopplæringstiltak, einskildtiltak og kontinuerlege tiltak for barn og unge.

Trusopplæringsreforma har vore ei hovudsatsing for kyrkjelydane i ein lengre periode. Eigne avsnitt om resultat, utvikling og vegen vidare står tidlegare i årsrapporten. Mykje kyrkjeleg barne- og ungdomsarbeid skjer innan ramma av sokna sine trusopplæringsplanar.

I tillegg finst det framleis eit breitt tilbod om barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelydane. Ungdomsarbeid har også sitt eige punkt tidlegare i rapporten, men her vil me sjå på barnearbeidet og det kontinuerlege trusopplæringsarbeidet, som har liknande funksjon som tradisjonelt barne- og ungdomsarbeid.

I aldersfasen frå 0-12 år har kyrkjelydane tilbod om småbarnssong eller knøttesong, sundagsskule, kor, speidar, KRIK-grupper og ulike former for klubbar, til dømes tweensklubb. Ei rekke av desse tiltaka er knytte til dei ulike barne- og ungdomsorganisasjonane.

I årsstatistikken kan me sjå at

- 70 kyrkjelydar har tilbod om babysong, med nær 3000 deltakarar².
- 2 av 3 kyrkjelydar har sundagsskule, med 4576 deltakarar.
- Utanom trusopplæringa finst det litt meir enn eit tilbod pr. sokn til barn mellom 0-5 år i kyrkjelydane, med 1435 deltakarar. Dette er litt over 5 % av dei som høyrer til Den norske kyrkja i målgruppa.
- Utanom trusopplæringa finst det 161 kontinuerlege tilbod til barn mellom 6-12 år, med 4718 deltakarar. Dette er nær 14 % av dei som høyrer til kyrkja.
- Det er 125 barnekor, med 2706 songarar.
- I tillegg finst det 59 einskildtiltak for barn mellom 6-12 år, med 2655 deltakarar.

I tillegg kjem kontinuerlege trusopplæringstiltak, som det er eiga rapportering for.

Trusopplæringa har altså gjennomgåande klart breiare oppslutning enn det kontinuerlege arbeidet. Til samanlikning er idretten også større enn det kontinuerlege kyrkjelege arbeidet, som likevel er eit synleg og viktig bidrag til lokalsamfunna. Kyrkja har opne tilbod, som ikkje kostar mykje og ikkje er prestasjonsbaserte. Tilboda bygger fellesskap, skapar tru og gjev rom for å utvikla seg ut frå barna sine eigne interesser og ressursar.

Det har vore ei viss spenning mellom trusopplæringa og det kontinuerlege arbeidet. Nokre har kritisert trusopplæringa for å ikkje gje godt nok grunnlag til å skapa identitet og forma praksis. Samtidig har det vore behov for å få kyrkjelydar til å lyfta blikket og fokusera meir på breidda av dei døypte. I stort trur me nå dei tilsette i kyrkja har godt eigarskap til trusopplæringa, men at det framleis er eit uforløyst potensial for eigarskap til prosjektet hjå dei frivillige.

² Her er det unike deltakarar, ikkje talet på besøk, som blir telt.

Nokre kyrkjelydar har lagt ned kontinuerlege tilbod for å satsa på trusopplæring, eller fordi tilboda ikkje lenger når folk. Me ser tendensen til at nokre familiar heller ønskjer seg tilbod som går over kortare tid.

I møtet med kyrkjelydane oppmuntrar me til god samhandling mellom tidsavgrensa og kontinuerlege trusopplæringstiltak der ein har hatt slike. Resultata lokalt er ulike. Nokre plassar har ein invitert eit heilt årskull til to samlingar for tweens-klubben og på den måten fått tilført nye medlemmar, mens andre plassar har dette ikkje ført til ny rekruttering.

Kontinuerleg barne- og ungdomsarbeid blir stort sett drive av frivillige. Det fungerer best når fleire kan vera leiarar saman. Det gjev også større stabilitet. Ressursar som Sprell levande har vore ein viktig ressurs for sundagsskulane. Det verkar som dei kyrkjelydane som har størst oppslutning om dei tidsavgrensa trusopplæringstiltaka også lukkast best med kontinuerleg barne- og ungdomsarbeid. Kyrkjelydar med eit godt tweens-tilbod rekrutterer godt til konfirmasjon. Det er bare ei årsak til at denne fasen er viktig.

Me får nokre signal om at sundagsskulearbeidet går i motvind. Dette gjer noko med gudstenestedeltaking for familiar. Ufordringa er ofte å finna leiarar. Tradisjonelle gudstenester er krevjande arrangement for barn. Før var nok barn meir vane med å delta på dei vaksne sine premisser, men nå er dei avhengige av godt tilrettelagte tilbod. Tilrettelegging av gudstenester for barn og tilbod til barn under gudstenesta er svært viktig for familiane, og her varierer det kva kyrkjelydane tilbyr i dag.

Mange kyrkjeleg tilsette og frivillige leiarar har bakgrunn frå barne- og ungdomsarbeid i kyrkja. Dette arbeidet er ein viktig trusopplærings- og sosialiseringsarena. Det bidrar til fellesskap, identitet og etter kvart fordjuping i kristen tru. Det er ei utfordring korleis ein skal klara å skapa same sterke identitet og motivasjon gjennom trusopplæringa. Folkekyrkja treng menneske som kan vidareformidla trua, gjera kyrkja synleg lokalt, be, gjera teneste og teikna sine bilete av kva kristne liv er i kvardagen. Både trusopplæringa, konfirmasjon og det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er arenaer der dette er ei viktig målsetjing, og å lukkast med det er framleis eit prosjekt som er på veg.



- Korset og den lilla skjorta syner at eg er biskop, sa Braut til skuleklassen som var innom på besøk i nye Kopervik kyrkje. På spørsmål måtte han avkrefte at han også sover med bispeskjorta på...

D: Biskopen si verksemd

Biskopen har mange funksjonar i kyrkja, både nasjonalkyrkjeleg og regionalt, som leiar, representant for kyrkja, samtalepartner, medlem av ulike organ og prest.

I 2017 har Domprost Anne Lise Ådnøy fungert som biskop før vigslinga av Ivar Braut, 19. mars. Ivar Braut fekk besøkt alle prosti og møtt dei fleste viktige samarbeidspartnarane for fyrste gong, men blei sjukemeldt 12. september. Etter det har Anne Lise Ådnøy fungert som biskop. Året har ikkje vore typisk for bispetenesta i bispedømmet.

I det følgjande er det derfor måten bispetenesta er organisert på og fungerer i bispedømmet som det er lettast å kommentera. Kyrkjerådet spør etter tiltak for å oppnå mål, visitasarbeid, motivasjon og samordning.

Biskopen er viktig som leiar. I Den norske kyrkja er leiaroppgåvene fordelt på mange organ og personar, slik at det er mykje biskopen ikkje rår over direkte. Men det er tydeleg at biskopen leier prestenesta, ikkje minst gjennom prostane. Prostemøta er ein viktig arena for både biskop og bispedømmeråd.

I andre møtepunkt set biskopen tema på dagsorden, inspirerer, gjev råd og sender signal, ut frå sitt mynde, for tru og liv, til både einskildmenneske, medarbeidarar og kyrkjelydar. Biskopen har jamlege møtepunkt med ulike grupper av tilsette, med litt ulik frekvens.

Biskopen er også kyrkja sin fremste representant i det offentlege. Biskopen har ein plattform som kan nyttast til å fremma kyrkjelege synspunkt og saker. Det er framleis stor offentlig interesse og merksemd om kva biskopen gjer og seier i forhold til aktuelle spørsmål. Det var stor interesse for den nye biskopen, men fråværet deler av året har påverka høvet til å vera til stades.

Biskopen har sete i dei fleste sentrale råd og utval i bispedømmet. Dette er også organ kyrkja blir leia gjennom. Biskopen har også fagleg og kyrkjerettsleg ansvar i fleire forvaltningssaker i kyrkja.

Bispedømmeadministrasjonen arbeider på vegne av både biskop og bispedømmeråd. Nokre av oppgåvene til biskopen og bispedømmerådet høyrer klart inn under bare det eine organet, mens andre fell saman. I mykje av det faglege arbeidet i bispedømmeadministrasjonen arbeider dei utøvande tilsette også på biskopen sine vegne ovanfor sokna. Biskopen godkjenner konfirmantplanar, trusopplæringsplanar, lokale grunnordningar, kyrkjekunst og kyrkjebygg, held kontakt med og tek del i dei viktige prosessane innan både kyrkjeleg forvaltning og kyrkjelydsutvikling.

I starten av Ivar Braut si teneste blei det prioritert å besøka alle prosti, ein dag i kvart. Fokuset var å bli kjent i prostia, møta ordførarar og samla sokneråd.

På grunn av bispeskifte og sjukemelding har det bare vore ein bispevisitas i 2017. Biskopen i Stavanger har eit godt etablert system for visitasar. I mange år har trusopplæring vore eit fagleg hovudfokus. Framover vil det tematiske fokuset variera noko meir frå kyrkjelyd til kyrkjelyd. Det er eit system som går gjennom både førehandsmelding, planlegging av program, førvisitasmøte, møtepunkt under visitasen, visitasforedrag og utfordringar til kyrkjelydane i etterkant, som sørgjer for at ulike område innanfor kyrkjelydsutvikling blir sett på systematisk.

I visitas legg biskopen vekt på å oppmuntra og inspirera tilsette og frivillige i kyrkjelydane. Me legg vekt på samfunnskontakt, med ordførar, skuleleiing og næringsliv. Me er også opptekne av å få eit godt bilete av kyrkjelydsarbeidet, av kulturverksemd, pilegrimsarbeid, inkludering av menneske med utviklingshemming, misjon, ungdomsarbeid, kyrkjemusikk og diakoni. Programmet består av besøk, møter, samtalar og arrangement og ligg tett opp til visitasreglementet.

Me ser at visitasane fungerer godt som arena for inspirasjon, til å gjera kyrkja synleg i lokalsamfunnet og til å fokusera på strategiske prosessar i kyrkjelydane. Biskopen og fylgjet lærer også mykje sjølv, som det er verdifullt å ta med seg vidare til andre kyrkjelydar. Nokre gongar avdekkjer visitasen saker det blir viktig å følgja opp i etterkant. Visitasane etablerer relasjonar som blir ressursar vidare.

Utfordringa er at visitasane er sjeldne i kvar kyrkjelyd sitt liv. Det betyr at ein må ha realistiske tankar om kva slag endringar ein kan oppnå. Til vanleg er det dei lokale frivillige, tillitsvalde og tilsette som formar kyrkjelyden. Prost og fellesråd er viktige i sine roller, og biskop og bispedømmeråd har fleire arenaar for kontakt utanom kvar visitas. Til saman bidrar alt dette til kyrkjelydsutvikling og til å halda kyrkja i bispedømmet saman.

Biskopen si verksemd for å oppnå mål er på sett og vis kjenneteikna at ho er indirekte. Det er andre i kyrkja som står for den direkte kontakten med kyrkjemedlemmane, sjølv om biskopen også tek del på nokre slike arrangement. Det betyr at bispetenesta handlar noko om å ha avgjerdsmynde, noko om å ta del i strategiske prosessar og mykje om leiing gjennom kommunikasjon og relasjonelt arbeid. Det er ei utfordring å halda saman dei mange ulike sidene av bispetenesta, men i stort opplever me at me har gode rammer og tradisjonar. Me ser fram til at tenesta kjem i normal drift!



Fungerande biskop Anne Lise Ådnøy på visitas i Skjold, Vats og Vikebygd.

IV. Styring og kontroll i verksemda

A: Helse, miljø og tryggleik

Sjukefråvær og vurderingar av dette

Resultat og utvikling³

I 2017 var det totale sjukefråværet i Stavanger bispedømme på 2,3 %, ein auke frå 2016 på 0,4 %.

For kvinner var fråværet på 3,5 % og for menn var det på 1,9 %.

Langtidsfråveret (over 8 veker) var totalt på 1,0 % for kvinner og 0,7 % for menn.

For presteskapet var det totale sjukefråværet på 1,8 %. For kvinner var talet 2,2 % og for menn 1,7 %. For administrasjonen var det totale sjukefråværet på 5,4 %. For kvinner var talet 6,4 % og for menn 3,9 %.

Vurdering av resultatet og vegen vidare

Sjukefråværet i Stavanger bispedømme er samla sett svært lågt. Det er noko høgare blant kvinner enn hjå menn. Presteskapet i Stavanger bispedømme har det lågaste melde sjukefråværet i landet. Dette kan ha samband med at prestane i bispedømmet i for stort grad går på jobb når dei er sjuke.

Me har hatt og vil ha fokus på dialog med prestane om at det er akseptabelt å gjere bruk av eigenmelding når ein er sjuk. Dette fordi arbeidsplassundersøkinga (APU) viser at 23 % av prestane seier at dei ha gått på arbeid når dei faktisk var sjuke. Dette blir kommentert nedanfor.

Tala for sjukefråværet i administrasjon er noko høgare enn landsgjennomsnittet, både for menn og kvinner. Det er normalt at statistikk varierer for mindre grupper, der individuelle hendingar får større utslag. Slik me kjenner situasjonen, handlar dette ikkje om ei trend.

Langtidsfråveret (over 8 veker) er lågt både hjå presteskapet og i administrasjonen.

Stavanger bispedømme er med i samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Stavanger biskop arbeider aktivt for å skape eit godt arbeidsmiljø blant våre tilsette, følger opp med nødvendige tiltak for å forhindre sjukdom og har fokus på oppfølging av sjukemelde arbeidstakarar.

Arbeidsmiljøundersøkinga og vurderingar av denne

Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøking blant dei tilsette prestane. Undersøkinga viser at arbeidsmiljøet jamt over blir opplevd som godt, med resultat som held seg stabile samanlikna med tidlegare år og andre tilsvarende undersøkingar. Me ser ein svak nedgang i talet på tilsette med arbeidsrelaterte helseplagar. Tala på tilfelle av mobbing og trakassering er låge. Me ser at melde saker blir løyste, men nye saker blir meldt inn kvart år. Me har høgt fokus på å auka kunnskapen hjå prostar og tillitsvalde om varslingsrutinar og prosedyrar for konflikthandtering.

I arbeidsplassundersøkinga for i år høyrde me også at 11 av 13 som melde om psykiske belastningar i tenesta som ei helseutfordring sa at dette var relatert til spenninga rundt vigsel for par med same kjønn. Det gjeld både prestar som støttar endringa og ikkje har ønska ho. Spenninga handlar om

³ Teksten er utarbeidd på grunnlag av dei opphavslege tala i statistikkheftet. I og med det ikkje har kome beskjed om korleis tilhøvet mellom gamle og nye tal er, ved det tidspunktet årsrapporten måtte ferdigstillast, har me ikkje endra dette. Me er opne for å sjå på situasjonen på nytt ved nye, sikrere tal.

identitet og relasjonar til kyrkjelyd og lokalsamfunn. Prostane har fylgt desse prosessane tett dei siste åra. Resultata viser at dette er eit arbeid som ikkje er ferdig.

Over fleire år er det avdekka at arbeidstakarar som oppfyller krava for sjukmelding likevel går på arbeid, og då særleg for å utføra kyrkjelege handlingar. Det er blitt klart gjennom oppfølging og undersøking at dette ikkje skuldast at arbeidsgjevar forventar innsats frå prestar som er sjuke eller ikkje har system på plass som kan sikra vikar. Prestane gjev uttrykk for at det som gjer ein ikkje vert sjukmeldt ofte er vanskar med å overlata kyrkjelege handlingar til vikarar på kort varsel. Det er ei spenning knytt til om dette uttrykker «frivillig» eller «ufrivillig» nærvær på jobb.

Verksemdsoverdraginga og den nye arbeidstidsavtalen for prestane har gitt dei tilsette ei rekkje nye IT-verktøy. Arbeidsgjevar har tatt initiativ til å gje alle tilsette opplæring og bistand. Me ser at undersøkinga for 2017 har ei lågare score på opplæring og utforming av arbeidsplanar.

Ei anna tilbakemelding er at prostane opplever å ha ei mindre føreseieleg fritid. Dette kan skuldast dårlegare tilgang på vikarar nokre stadar, og at prostane derfor sjølv tek tenestene. Me ser samtidig at prestane i større grad avspaserer og tek ut fridagar enn i tida før arbeidstidsavtalen kom på plass. Arbeidsgjevar har vore oppteken av å følgja opp dette dei siste åra. Me er glade for denne utviklinga.

Stavanger biskop arbeider målretta for å skapa eit godt arbeidsmiljø. Det blir arbeidd etter eigen plan for HMS-arbeid, der tillitsvalde, vernetenesta og leiinga saman utformar og evaluerer tiltak. Biskop og bispedømmeråd har inngått ny IA-avtale frå 2017. Avtalen fylgjer Kyrkjerådet (AMU) sine overordna mål for IA og HMS-arbeidet i Den norske kyrkja.



Samling for nytilsette i bispedømmet, leia av stiftsdirektør Jorunn Kraft Visnes.

B: Likestilling

Likestilling

Likestillingsplanen vår bygger på både statlege og kyrkjelege styringsdokument. Den set opp ein rekke konkrete tiltak, mellom anna:

- I utlysningstekstane oppmodar me kvinner om å søka stillingar. Dette gjeld ved utlysningar i prosti med kvinnedel på under 40 %. Når søkarar elles står likt, prioriterer bispedømmerrådet kvinner.
- Me ønsker å fylgja kvinner som studerer teologi på VID opp spesielt.
- Me integrerer kjønnsperspektiv i lønnsforhandlingar, kompetanseutvikling og kyrkjelydsutvikling.
- Me har ein aktiv livsfasepolitikk, med eige budsjett, mellom anna for å leggja til rette for yngre prestar.
- Me samlar kvinnelege prestar ein gang i året, for å kartlegga behov for tiltak.

Talet på tilsette, løn, deltidsstillingar, fast tilsette og vikarar, foreldrepermisjon og sjukemeldingar såg slik ut i 2017:

| Likestilling 2017 | | | | | | | | | | | |
|---------------------------------------|---------------|------|-------|---------|-------------------|-----|------------------|-----|--|--|--|
| | Kjønnsbalanse | | | Løn | Foreldrepermisjon | | Legemeldt frávær | | | | |
| | M | K | K % | K/M i % | M% | K% | M% | K% | | | |
| Prost | 7 | 2 | 22,22 | 102 | 0,4 | 1,7 | 1,9 | 3,5 | | | |
| Sokneprest | | | | 100 | | | | | | | |
| Kapellan | | | | 99 | | | | | | | |
| Andre | 74,2 | 19,6 | 22,9 | 98 | | | | | | | |
| Alle prestar | | | | 99 | | | | | | | |
| Bispedømmekontoret⁶ | | | | | | | | | | | |
| Leiarar ⁷ | 3 | 1 | 25 % | 120 | | | | | | | |
| Rådgjevarar | 4 | 8 | 67 % | 100 | | | | | | | |
| Kontorstillingar | | 1 | 100 % | - | | | | | | | |
| Kontoret, samla | 7 | 10 | 59 % | 93 | | | | | | | |

Kvinnedelen i presteskapet har gått litt opp dei to siste åra, men fortsatt er han klart lågast i landet. Med to av ni kvinnelege prostar og ei av fire i leiinga på bispedømmekontoret blir kvinnedelen blant leiarar også for låg. Situasjonen er nokså lik i presteskapet og i leiarstillingar.

For tilsette ved bispedømmekontoret er kvinnedelen 60 %, lik fjoråret.

⁴ Løn inkluderer ikkje fordelen ved å bu i prestebustad, for dei dette gjeld.

⁵ Her samlar me både kontor og presteskap, fordi nokre av gruppene er så små at dei når terskelen for kva som vil bli personleg informasjon.

⁶ Me brukar eigne tal for stillingar på kontoret. Me tek ikkje omsyn til stillingsstorleik, men tel personar i dei ulike gruppene.

⁷ Biskopen er plassert i leiargruppa for kontoret. Talet i statistikkheftet er 28 %, men med ei kvinne blant fire leiarar er korrekt tal 25 %. I tida med fungerande biskop er det 50 % kvinner i leiinga.

Me har ikkje fått fleire kvinnelege søkarar i 2017. 27,4 % av søkarane var kvinner, og talet er stabilt. Bispedømmerådet har tilsett fleire av dei kvinnelege søkarane. Talet her har auka frå 25 % til 36,4 %.

I 2017 oppretta me eit nytt tiltak retta mot kvinner som søkargruppe. Det er gjennom betre søkartilgang det er lettast å auka kvinnedelen blant prestane.

Som ein del av dette inviterte biskopen til ei samling for kvinnelege tilsette, samt ei samling med open invitasjon til kvinnelege teologistudentar, ordinerte prestar som ikkje er kyrkjeleg tilsette, samt kvinnelege prestar tilsette hjå andre kyrkjelege arbeidsgjevarar. Deltakarane gav positiv tilbakemelding på samlinga, og uttrykte behov for å samtala om å vera kvinne og prest, tilsett i kyrkja. Me drøfta også likestillingsplanen i samlingane.

Bispedømmerådet sin uttalte politikk er å tilsetta fleire kvinner.

I tilsettingsprosessane kan det vera ei utfordring at nokre sokneråd ønsker seg mannleg prest når fleire i staben er kvinner. Sidan kvinner er overrepresenterte blant daglege leiarar, diakonar, trusopplærarar og kateketar, er det slik i mange kyrkjelydar, og me veit at kjønn då kan bli vektlagt lokalt på ein uheldig måte. Som tilsetjingsorgan har bispedømmerådet moglegheit til å motverka slike tendensar, og det blir også gjort.

Det er ikkje store lønnsforskjellar mellom menn og kvinner i presteskapet, men totalt sett har kvinner litt lågare løn. I praksis heng dette meir saman med alder og type stilling enn kjønn. Det same gjeld på bispedømmekontoret, der lønnsforskjellane i praksis også speglar stillingskategori og erfaring meir enn kjønn. Mellom rådgjevarar var det i 2017 100 % samsvar mellom gjennomsnittleg løn for menn og kvinner.

I 2016 var det flest menn som hadde foreldrepermisjon, mens det i år var flest kvinner. Her er volumet så lite at statistikken eigentleg fyrst og fremst viser individuelle utslag, for å sjå trendar må ein opp på nasjonalt nivå.

I statistikken ser me at hovudutfordringa for bispedømmet er å auka kvinnedelen i presteskapet og talet på kvinner i leiarstillingar. Dette skjer stort sett gjennom rekrutteringsprosessane. Her er det tilfanget av søkarar som er avgjerande, så rekrutteringssatsinga er viktig også her.



Den norske kyrkja har mange kvinner i presteneste. Stavanger bispedømme vil gjerne ha fleire. I juni inviterte biskopen til ei samling for kvinnelege tilsette i bispedømmet.

C. Vurdering av risikoen for misleghald

Vurdering av risikoen for misleghald (Ibuande risiko)

Det kan vera risiko for misleghald på fleire område av økonomiforvaltninga i bispedømmet. Det er ikkje mogleg å laga rutinar, retningslinjer og kontrollar som heilt tar bort misleghaldsrisikoen. Me meiner at med dei tiltaka me har skissert under, så er risikoen for misleghald moderat og redusert til eit akseptabelt nivå. Det er svært viktig å ha eit kontinuerleg fokus på haldningsskapande arbeid, samt opplæring og bevisstgjerung omkring etiske problemstillingar. Stavanger bispedømeråd har eit eige dokument som meir utfyllande vurderer risiko for misleghald. Me vurderer ingen av desse som for alvorlege eller svært alvorlege.

Risikobiletet

| Dei største risikoane | Konsekvens | Sannsyn- legheit | Tiltak | |
|--|--|---------------------|---------|--|
| Tjuveri - Datautstyr - Gåver på lageret - Kontorrekvisita - Minnepinnar - Privat kopiering - Privat frankering | Svinn, meirkostnadar, ikkje effektiv ressursbruk | Moderat | Moderat | Haldningsskapande arbeid |
| | | | | Etiske retningslinjer |
| | | | | Rutinar for varsling |
| | | | | Opplæring og bevisstgjerung |
| | | | | Sikring og registrering av verdifulle/attraktive gåver og utstyr |
| | | | | Oppfølging av utgifter mot budsjett og historiske tal |
| Krevja refusjon for same teneste to gongar - Beredskap - Vikarrekning - ABV | Meirkostnadar, ikkje effektiv ressursbruk | Moderat | Moderat | Haldningsskapande arbeid |
| | | | | Etiske retningslinjer |
| | | | | Opplæring og bevisstgjerung |
| | | | | Alle rekningar skal godkjennast av to personar |
| | | | | Oppfølging av utgifter mot budsjett og historiske tal |
| Misbruk av arbeidstid - Private aktiviteter i arbeidstida - Pausar - Feriedagar blir rapportert som jobbreise / seminar/ heimekontor | Ikkje effektiv ressursbruk | Moderat | Moderat | Haldningsskapande arbeid |
| | | | | Etiske retningslinjer |
| | | | | Opplæring og bevisstgjerung |
| | | | | Rutinar for varsling |
| Feilaktige /fiktive reiserekningar - Kilometergodtgjerung. - Diett - Manglande trekk for måltider - Reise ikkje gjennomført - Ikkje jobbrelatert reise | Meirkostnadar, ikkje effektiv ressursbruk | Alvorlig | Moderat | Haldningsskapande arbeid |
| | | | | Etiske retningslinjer |
| | | | | Opplæring og bevisstgjerung |
| | | | | Alle rekningar skal godkjennast av to personar |
| | | | | Rutinar for varsling |
| | | | | Oppfølging av utgifter mot budsjett og historiske tal |

V. Vurdering av framtidsutsikter

I årsrapporten har me sett på resultat og utvikling på ulike område, kva som kan ligga bak resultatet og vegen vidare mot ulike mål. Til slutt vil me sjå på ytre og indre forhold som generelt vil påverka bispedømmet si evne til å nå måla sine.

Det seier seg sjølv at økonomiske rammevilkår er ein vesentleg del av dette. Det ligg utanfor horisonten til denne rapporten, som handlar om korleis biskop, bispedømmeråd og den lokale kyrkja brukar eksisterande ressursar for å nå måla.

Den kyrkjelege verksemda relaterer seg til ein kontekst. Det fører for langt å beskriva heile den religionssosiologiske situasjonen i Noreg her, og den er også for kompleks og variert til at nokon kan ha full oversikt. Men det er tydeleg at samfunnet er pluralistisk og mangfaldig, at fleire religionar og livssyn pregar fellesarenaar, at store deler av befolkninga har ei sekulær innstilling i det daglege, at kulturen er individualistisk, at det finst mange måtar å byggja identitet på, og at dette er eit stort prosjekt for dei fleste. Konteksten er postmoderne også i at han er livssynsopen, men at livssyn hentar meir kraft frå funksjon, autentisitet og pragmatisk verdi enn frå tradisjonsbasert og institusjonalisert autoritet.

Denne konteksten har kyrkja levd i over fleire tiår og delvis alt tilpassa seg. Som me ser, klarer kyrkja å halda på høg oppslutning og møta menneske på mange ulike måtar også i vårt samfunn. Tradisjonar, tru, ritual, kyrkjeleg kultur og diakoni har framleis stor kraft og betyr mykje i lokalsamfunna.

Den største risikofaktoren i årsplanen for 2018 er i kva grad kyrkjemedlemmane kjenner den kristne tradisjonen og har ein identitet i kristen tru og praksis. Her er situasjonen litt paradoksal. Tilknyttinga til kyrkja gjennom medlemskap og store livshendingar er relativt stabil, samtidig kjenner me også til at kristen tru og praksis i varierende grad får vera ein ressurs til livstolking og livsmestring i det daglege. Religionsundersøkingar og undersøkingar i Stavanger 2020-prosjektet stadfester at mange er likegyldige til kyrkja utanom ved særskilte høve.

Mykje av den kyrkjelege verksemda handlar derfor om å formidla rikdommen og betydninga av den trua og dei verdiane for livet som kyrkja forvaltar. Potensialet her er mykje større enn dit me når i dag. Trusopplæring, konfirmasjon, kyrkja si informasjonsverksemd, gudstenester og kulturarbeid er viktige arenaar i møte med denne utfordringa.

Den felles trus- og livssynspolitikken i samfunnet set rammer for kyrkjeleg verksemd. Trus- og livssynssamfunn og befolkning har felles interesser av ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikk. Dei prosessane der dette blir forma vidare er viktige for kyrkja nasjonalt, regionalt og lokalt.

Utforminga av ei framtidig kyrkjeordning er også viktig for å nå kyrkjelege mål. Denne prosessen handlar i stort om kva organisering som best vil tena kyrkja sitt føremål. Det er eit perspektiv som kan bidra til å samla ulike organ sine eigeninteresser. Den pågåande prosessen er svært viktig, men er også ei belastning for kyrkja. Svekkja jobbtryggleik er ein trussel for arbeidsmiljø, lojalitet og rekruttering og risikoen for uønska endringar vil vera ei belastning. Ikkje minst vil kamp mellom ulike aktørar som eigentleg skal jobba saman mot same mål vera destruktivt, og til tider ser me at det kan skje. Frå vår side arbeider me aktivt for å sikra god dialog og ryddige prosessar, med fokus på kva som er best for kyrkja på sikt.

Frå biskop og bispedømmeråd sitt synspunkt betyr dette at me aktivt må spela inn kva funksjonar desse organa har som fungerer godt, kva potensial som ikkje er utnytta og kva som kan bli betre ved å gjera ting annleis.

Ein av dei tinga me ser er at det nokre gongar er nødvendig for sokna med aktørar som har fokus på felleskyrkjelege omsyn. Til dømes har det vore nødvendig med felles satsing på trusopplæring og dåp i det siste. Utan eit regionalt fokus på dette ville resultatata ikkje vore dei same. På nokre område er det viktig for verksemda i den lokale kyrkja med felles tilgang på kompetanse. Nokre oppgaver løyser sokna mest effektivt og best saman, mens det i det store og heile er viktig å kanalisera ressursar i kyrkja så dei kjem til nytte lokalt.

Det er også ein kritisk suksessfaktor for kyrkja framover at me lukkast med å rekruttera barn og unge. Overgangane frå tiltak frå barn til ungdomsarbeid og frå ungdomsarbeid til eit vakse engasjement i kyrkja er også kritiske. Her lukkast me ikkje godt nok i dag. Me har behov for fokus på tilbodet, vidare arbeid med innhaldet i trusopplæringa og korleis verksemda for vaksne fungerer i forhold til å ta imot nye.

Me høyrer også at ulike ønske i ulike grupper for musikk i kyrkja er ei utfordring som påverkar både gudstenesteoppleving og kyrkjelege handlingar.

Ein annan kritisk suksessfaktor handlar om korleis kyrkja klarar formidla innhaldet i trua i eit språk og form som kommuniserer godt med konteksten. Nedgangen i gudstenestedeltakinga er eit symptom på at ikkje alt er på plass her. Gudstenesta fungerer mange stader heller ikkje i dag godt nok som ein arena for ny rekruttering til fellesskapet i kyrkja. Det trengst både arbeid med dette i forhold til gudstenestene og på fleire arenaar, i «kvardagskyrkja», kulturarbeid og trusopplæring.

Rekruttering til kyrkjeleg teneste er eit sjølv sagt fokusområde. Situasjonen er utfordrande og pr. i dag er problemet uløyst.

Det er ein realitet, sjølv om få i kyrkja likar at det er slik, at debatten om likekjønna samliv ikkje fungerer godt som kyrkjeleg symbolsak. På den eine sida ser me at dette går ut over arbeidsmiljø, motivasjon og tilknytning hjå nokre medarbeidarar og kyrkjemedlemmar, på den andre sida ser me at i samfunnet, i smått og stort, kan kyrkja si haldning til dette bli eit teikn på om kyrkja er inkluderande og står for gode verdiar. Dette er svært krevjande kommunikativt. På tvers av ulike meiningar i kyrkja har me felles interesser i å visa respekt for ulike syn, bygga ned fordommar og setta betydninga av dette spørsmålet i eit større perspektiv. Det er brei, om ikkje full semje, om at det ikkje er dette som fungerer best som fanesak.

Frivillig medarbeidarskap er allereie ei berebjelke i kyrkja. Auka frivillig innsats gjev moglegheiter for styrka verksemd. Å ta vare på den frivillige innsatsen er viktig for å halda på det tilbodet kyrkja har i dag. Dette er ei leiarutfordring og ei relasjonell utfordring, som gjev behov for godt rekrutteringsarbeid, god organisering av frivillig arbeid og god oppfølging.

Det ligg både verdi, glede og strategiske moglegheiter i å satsa på diakoni. For dei fleste er det om kyrkja uttrykker Guds kjærleik i handling og engasjerer seg i lokalsamfunnet og for einskildmenneske som fortel om kyrkja er relevant. Saman med dette skal kyrkja også ta vare på identiteten sin som møtestad mellom Gud og menneske, gjennom ord og sakrament. Kyrkja skal vera vedkjennande, misjonerande, tenande og open.

I 2017 markerte me reformasjonsjubileet. I det blei me minna om at den største skatten i kyrkja ikkje er vårt engasjement, men Guds gåver til oss. Kyrkje kan me ikkje skapa sjølv. Tru, håp og kjærleik får me i gåve. Det fornya i si tid kyrkja å oppdaga at gåvene frå Gud kjem fyrst.

Årsrapporten handlar om verksemdssida av kyrkja, relatert til definerte mål. Korleis kyrkja arbeider med dette påverkar korleis skattane i kyrkja blir tilgjengelege for menneske. Men håpet, nåden, verda me lever i, menneska rundt oss og kallet til å leva for kvarandre kjem utanfrå oss sjølv.

VI. Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2017

Formål

Stavanger bispedømmeråd sitt rekneskap er ein del av Den norske kyrkja sitt rekneskap. Stavanger bispedømmeråd fører rekneskap etter rekneskapsprinsippet.

Hovudoppgåva for bispedømmerådet er regulert i kyrkjelova § 23: «Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet.»

Bispedømmerådets mynde- og ansvarsområde fylgjer av kyrkjelova og gravferdslova, samt ved delegasjon av mynde frå Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet. Viktige oppgåver for bispedømmerådet er knytte til prestenesta og forvaltning av statlige tilskot. Bispedømmerådet skal vidare leggja til rette for at mål og strategiar frå Kyrkjerådet blir implementerte i kyrkjelydane.

Vurdering av vesentlege forhold - driftsrekneskap

Rekneskapen for 2017 er gjort opp med eit samla mindreforbruk på kr. 4,4 millionar. Me har disponert løyvingar på utgiftssida på kr 109,6 millionar knytte til drift. Bokførte kostnader var kr. 3,6 millionar lågare enn budsjett, og samla inntekter blei kr. 0,8 millionar høgare enn budsjett.

I løyvinga for 2017 blei det overført 3,9 millionar i ubrukte middel frå 2016. Det reelle driftsresultatet, når ein ikkje tek omsyn til denne løyvinga, vil derfor vera ca. kr. 0,5 millionar i 2017.

Netto ubrukte midlar på kr 4,4 millionar er under 5 % av samla løyve, og me har søkt om å få overført mindreforbruket til neste år jf. tabellen under.

Driftsåret 2017 har vore eit spesielt år. Ved at kyrkja blei eige rettssubjekt blei det skifte av rekneskapsprinsipp og økonomisystem. På grunn av usikkerhet rundt løyvingane har bispedømmerådet valt ei stram økonomistyring.

Me ventar at restmidla vil bli brukte opp i løpet av 2018 . Budsjettreserven frå 2017 blir brukt til å finansiera utgifter i 2017 knytte til tidsavgrensa prosjekt og tiltak. Bispedømmerådet finn ikkje rom for å gjera varige endringar i budsjettet knytt til nye faste stillingar.

Avviksforklaring

Rekneskapet viser kr. 0,8 millionar høgare inntekt enn budsjettert. Dette skuldast at inntekter frå samarbeidsorganisasjonane SMM, Opplysningsvesenets fond og andre inntekter er med. Det er budsjettert reduserte kostnader tilsvarende.

Kostnader til lønnsmiddel er lågare enn budsjett. Lønnsutbetalingane er lågare, mens refusjon frå NAV er høgare. Det er sett inn vikar ved langvarig sjukdom og andre løna permisjonar. Det blei også sett av ekstra middel til bedriftshelseteneste, men desse blei ikkje nytta. Anna personalkostnad er derfor lågare enn budsjettet. Me har også fått løyva ekstra lønnskostnad til nasjonalt hovudverneombud.

Kostnader til avskrivning er løyva i tildeling men er ført i rekneskapet.

Ein kvartalskostnad for leige av lokale er kostnadsført i 2016 i staden for i 2017

Det er innleigekostnad ført på drift som må sjåast i samanheng med lønnskostnad. Me leiger presteneste/oppgåver frå kyrkjelege fellelsråd.

I juni 2016 vedtok bispedømmerådet å redusera talet på faste stillingar med 3,5. Kutta skal fordelast jamt mellom presteskapet og administrasjonen ved bispedømmekontoret. Den sameinte lokale ressursmodellen ligg til grunn for korleis kutta skal fordelast mellom dei ulike prostia og sokna i bispedømmet. Det er smertefullt å måtta kutta prestestillingar i eit bispedømme som har langt fleire medlemmar og tenester per prest enn gjennomsnittet i landet.

Eit premiss for nedskjeringsprosessen har vore at ingen skal bli oppsagde. Derfor er me avhengige av at stillingar blir ledige, før bispedømmerådsvedtaket kan setjast i verk. Administrasjonen har arbeidd målretta med dette. Ved inngangen til 2018 er talet på årsverk redusert med 2,2.

Forvaltning av tilskot

Forvaltning og utbetaling av tilskot følger eige regelverk fastsett av departementet, jf. Økonomiregelverket i Staten. Stavanger bispedømmeråd fekk tildeling frå Kyrkjerådet på totalt kr 44,8 millionar for 2017. Me har utbetalt kr 13,0 millionar av løyvinga på kr 13,3 millionar i tilskot til undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. For post 75 – tilskot til trusopplæring, er kr 30,8 millionar utbetalt av løyvinga på kr 30,9 millionar. Me har søkt Kyrkjerådet om å overføra unytta tilskotsmidlar på totalt kr 0,3 millionar til 2018.

Utgifter til løn og anna godtgjering

| Nøkkeltal frå årsrekneskapen | 2 012 | 2 013 | 2 014 | 2 015 | 2 016 | 2017 |
|---------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Tal årsverk | 107 | 109 | 111 | 112 | 107 | 108 |
| Lønnsdel av driftsutgifter | 84,80 % | 86,30 % | 86,20 % | 87,60 % | 88,46 % | 91,00 % |
| Del lønn brukt i prestetenesta | 74,50 % | 75,30 % | 75,00 % | 76,80 % | 77,93 % | 79,10 % |
| Lønn og godtgjering pr. årsverk | 643 308 | 653 189 | 670 544 | 698 838 | 800 668 | 887 645 |

Lønn utgjør 91 % av samla driftsutgifter, mot 88,46 % i 2016. Lønn brukt i prestetenesta har auka frå 77,93 % i 2016 til 79,10 % av samla driftsutgifter i 2017. Lønn og godtgjering per årsverk har auka frå kr 800 668 i 2016 til 887 645 i 2017. Talet for 2017 inkluderer pensjonskostnader.

Stavanger, 1. mars 2018



Marie Klakegg Grastveit
Leiar, Stavanger bispedømmeråd



Jorunn Kraft Vistnes
Stiftsdirektør

| | | | | | | |
|---------------------------------------|---------------|----------------------|--------------------|----------------|---------------|--|
| Den norske kirke, enhet: | | Stavanger bispedømme | | | | |
| Regnskap og budsjett pr desember 2017 | | | | | | |
| - tall i hele 1000 | | | | | | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| Regnskap pr des 2017 | | | | | | |
| Den norske kirke | Tilskudd | Lønn | Drift | Kostnader | Inntekter | |
| 260 - Stavanger | 47 | 96 199 | 9 764 | 106 010 | -865 | |
| Totalsum | 47 | 96 199 | 9 764 | 106 010 | -865 | |
| Regnskap pr des 2017 | | | | | | |
| Tilskudd | Trosopplæring | Diakoni | Domkirke/Gr 2 og 3 | OVF/Annet | Sum | |
| 2604900 - Tilskudd | 30 863 | 13 049 | - | 557 | 44 469 | |
| Totalsum | 30 863 | 13 049 | - | 557 | 44 469 | |

| | | | | | | |
|--|---------------|--|--------------------|----------------|---------------|--|
| | | Årsbudsjett iht korr tildelingsbrev 2017 | | | | |
| Den norske kirke | Tilskudd | Lønn | Drift | Kostnader | Inntekter | |
| 260 - Stavanger | - | 98 928 | 10 681 | 109 609 | - | |
| Totalsum | - | 98 928 | 10 681 | 109 609 | - | |
| Årsbudsjett iht korr tildelingsbrev 2017 | | | | | | |
| Tilskudd | Trosopplæring | Diakoni | Domkirke/Gr 2 og 3 | OVF/Annet | Sum | |
| 2604900 - Tilskudd | 30 900 | 13 385 | - | 557 | 44 842 | |
| Totalsum | 30 900 | 13 385 | - | 557 | 44 842 | |

| | | | | | | |
|--------------------|---------------|----------------|--------------------|--------------|------------|--|
| | | Ubrukte midler | | | | |
| Den norske kirke | Tilskudd | Lønn | Drift | Kostnader | Inntekter | |
| 260 - Stavanger | -47 | 2 729 | 917 | 3 599 | 865 | |
| Totalsum | -47 | 2 729 | 917 | 3 599 | 865 | |
| Ubrukte midler | | | | | | |
| Tilskudd | Trosopplæring | Diakoni | Domkirke/Gr 2 og 3 | OVF/Annet | Sum | |
| 2604900 - Tilskudd | 37 | 336 | - | - | 373 | |
| Totalsum | 37 | 336 | - | - | 373 | |

Vedlegg

Årsplan 2017 og 2018

Visitaprotokoll

Årsplan for SMMS